

Møteinnkalling

Utval:	Kontrollutvalet
Møtestad:	Solstrand hotel og bad
Dato:	24.08. – 25.08.2015
Tid:	09.30 Avgang frå Fylkeshuset, sjå elles program på dei neste sidene

Møteplan 24.8.15:

Kl. 10.00 – 14.15 Synfaringar i Bergen
Kl. 15.15 – Dagleg leiar i Storeholmen VTA AS orienterer
 Sakshandsaming i kontrollutvalet

Sjå elles program på dei neste sidene.

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved **å ringa** til Roald Breistein, tlf. 55 23 94 47/ 975 05 152 eller til Hogne Haktorson, tlf. 55 23 94 53/911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Møteboka frå møte i kontrollutvalet 17.06.2015 kan lastas ned i GoodReader, men kan også lesast her:
<http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/Utvalg/UtvalgmoeteDetail?Umoeteld=385>

Torill Vebenstad
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Kopi: Fylkesrådmann
Fylkesordførar
Revisor

KONTROLLUTVALET I HORDALAND FYLKESKOMMUNE TIL BERGEN KOMMUNE OG OS KOMMUNE PROGRAM, 24. - 25. AUGUST 2015

Måndag 24. august 2015

(Avgang frå Fylkeshuset kl. 09.30)

TID:	TEMA:	Merknad / Kontaktperson:
10.00 – 11.30	Tannhelsetenesta kompetansesenter Vest/Hordaland - Årstadveien 21 Omvising, orientering og ev. spørsmål	Leiar Ellen Berggreen (922 03 860 / 55 56 37 92) ellen.berggreen@hfk.no Fylkestannlege Arne Åsan (416 67 867) arne.aasan@hfk.no http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/Tannhelse/Tannklinikk-ar---tannhelsedistrikt/TkVest-Hordaland/
12.00 – 12.45	Lunsj	Servert på Amalie Skram vgs. Rektor og ass rektor som gjestar.
12.45 – 14.15	Amalie Skram vgs - Lungegårdskaien 40 Omvising, orientering & ev. spørsmål http://www.asvgs.no/	Bjørn Lyngedal (950 33 770) bjorn.lyngedal@hfk.no Ass rektor Olaug Engesæter (456 61 584) Olaug.O.Engesaeter@hfk.no
15.00	Solstrand hotel og bad Innsjekking	http://www.solstrand.com/ (56 57 11 00)
15.15 – 16.15	Kontrollutvalsmøte	
16.15 – 16.30	Kaffe og noko å bite i	
16.30 -	Kontrollutvalsmøte forts.	
20.00	Jubileumsmiddag Sekretariatet feirar 10 år	

TIRSDAG 25. AUGUST 2015

TID:	TEMA:	Merknad / Kontaktperson:
9.00 – 10.30	<p>Samarbeid kommune / fylkeskommune</p> <p>(Os rådhus)</p> <p>Samtalar saman med ordførar og rådmann i Os kommune.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Utvikling og utfordringar i Os kommune - Samspel med fylkeskommunen. <ul style="list-style-type: none"> o Næringsutvikl. / tannklinikk o Vidaregåande skule, sett med kommunen sine auger. 	<p>Ordførar Terje Søviknes (906 11 503) tes@os-ho.kommune.no</p> <p>Rådmann Knut Terje Rekve (995 43 060) ktr@os-ho.kommune.no</p> <p>www.oskommune.no</p>
10.45 – 12.15	<p>Oseana kunst og kultursenter Os kulturskule Omvising, orientering og spørsmål</p> <p>http://www.oseana.no/</p> <p>https://oskommune.no/os-kulturskule/</p>	<p>Direktør Ole Tobias Lindeberg (917 50 231) ole@oseana.no</p> <p>Rektor Os kulturskule Christian Breistein (977 77 3 41) cbr@os-ho.kommune.no</p>
12.15 – 13.00	Lunsj	<p>Oseana kafé og restaurant Direktør og rektor Os kulturskule som gjestar</p> <p>http://oseanakafe.no/</p>
13.00 – 14.30	<p>Besøk på Oselvarverkstaden Omvising, orientering og spørsmål</p> <p>Économusée</p> <p>Oselvarverkstaden nominert til UNESCO-liste</p> <p>http://www.oselvarverkstaden.no/</p>	<p>Dagleg leiar Åsmund Lien (922 23 584) aasmund@oselvarverkstaden.no</p>
14.30	Heimreise	

Sakliste

Utvals- saknr	Innhold	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 55/15	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 56/15	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 57/15	Selskapskontroll av Storeholmen VTA AS - Styreleiar orienterer og status i arbeidet ved Deloitte	2015/943	
PS 58/15	Forvaltningsrevisjon av "Drift og vedlikehald av fylkesveggar" - Status i arbeidet ved Deloitte	2014/24577	
PS 59/15	Vedtaksoppfølging av kunstnarbustad i Spania - Status i arbeidet ved Deloitte	2015/5589	
PS 60/15	Forvaltningsrevisjon av NDLA - Status i arbeidet ved Deloitte	2015/2073	
PS 61/15	Forvaltningsrevisjon av "Rusførebuggande arbeid" - Status i arbeidet ved Deloitte	2014/24576	
PS 62/15	Oppfølging av forvaltningsrevisjon samhandling på vegområdet	2014/16411	
PS 63/15	Bestilling av forvaltningsrevisjon	2014/10495	
PS 64/15	Bestilling av selskapskontroll	2014/10496	
PS 65/15	Forslag til møteplan for kontrollutvalet for 2016	2014/10501	
PS 66/15	Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i denne valperioden - Endeleg	2014/10506	
PS 67/15	Rekneskapsresultat hittil i 2015 for kontrollutvalet	2014/10498	
PS 68/15	Gjennomgang av møteprotokoller	2014/10500	
PS 69/15	Referatsaker		
RS 61/15	Handlingsplan Hardangerbrua AS	2014/14570	
RS 62/15	Sluttrapport - forvaltningsrevisjon økonomistyring	2014/860	
RS 63/15	Tilskotsforvaltninga på kulturfeltet - tilbakemelding status på dei 7 tiltaka i Handlingsplan	2014/10537	
RS 64/15	Ny status for oppfølging av forvaltningsrevisjon av personalforvaltninga i HFK	2014/24765	
RS 65/15	Større saker til politisk behandling våren 2015 - pr juni	2014/1527	
RS 66/15	Status for spørsmål/oversendingsforslag i fylkesutvalet pr juni 2015	2014/356	
RS 67/15	Førebudd på framtida - status 2	2014/12398	
RS 68/15	Skatt juni 2015	2014/10507	

RS 69/15	Tilbakemelding vedr. sak PS 112/15 Driftsstønning til fylkesfemnande barne- og ungdomsorganisasjonar	2015/898
RS 70/15	Forvaltningrevisjon fagopplæring - løypemelding	2014/862
PS 70/15	Eventuelt	

PS 55/15 Godkjenning av møtebok frå forrige møte

PS 56/15 Godkjenning av innkalling og sakliste



Arkivnr: 2015/943-19
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	57/15	24.08.2015

Selskapskontroll av Storeholmen VTA AS - Styreleiar orienterer og status i arbeidet ved Deloitte

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i si sak 6/15 i møte 16.2.15:

1. Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune seier ja til å gjennomføre selskapskontroll av Storeholmen VTA AS når det gjeld delen om eigarskapskontroll.
2. Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune seier ja til å delta i felles regional selskapskontroll av Storeholmen VTA AS når det gjeld den delen som omfattar forvaltningsrevisjon.
3. Selskapskontrollen skal utførast av Deloitte i tråd med prosjektplan som ligg føre.
4. Kontrollutvalet ber om at Deloitte presenterer resultatet av selskapskontrollen for kontrollutvalet når den er ferdig.
5. Kostnadene til deltaking i prosjektet vert godkjent i tråd med utrekningsmodellen i invitasjon dagsett 23.01.2015. I tillegg kjem kostnader til koordinering, tilpassing av rapport og presentasjon av rapport for kontrollutvalet samt opsjon på eventuell presentasjon i fylkestinget.
6. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan utgangen av mai 2015 ferdig verifisert og med fylkesrådmannen og selskapet sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Av den godkjende prosjektplanen går det fram at føremålet med selskapskontrollen er:

«Føremålet med selskapskontrollen er å undersøke og vurdere Hordaland fylkeskommune si eigarstyring av Storeholmen VTA AS. Vidare vil føremålet med selskapskontrollen vere å undersøke om selskapet har etablert system og rutinar for å sikre at selskapet driver i samsvar med vedtekter, politiske vedtak og regelverk.»

Følgjande overordna problemstillingar vil bli undersøkt:

«(A) Problemstillingar knytt til fylkeskommunen si eigarskapsforvaltning:

1. I kva grad har fylkeskommunen etablert tydelege føringar for fylkeskommunen si eigarskapsforvaltning av Storeholmen VTA?
 - a. Utøver Hordaland fylkeskommune eigarstyring av Storeholmen VTA i samsvar med sentrale tilrådingar frå KS?
 - b. Utøver Hordaland fylkeskommune eigarstyring av Storeholmen VTA i samsvar med fylkeskommunen sine retningslinjer for eigarstyring?
 - c. Har Hordaland fylkeskommune etablert rutinar for å sikre at fylkeskommunen blir tilstrekkeleg informert om drifta og utviklinga i selskapet?
2. I kva grad er det tilstrekkeleg med samhandling mellom Hordaland fylkeskommune og dei andre eigarane når det gjeld eigarstyring og oppfølging av Storeholmen VTA?
 - a. I kva grad har eigarane tilstrekkeleg med rutinar for dialog og samhandling?
 - b. I kva grad er eigarane einige om eigarstyringa og måla for selskapet?»

«(B) Problemstillingar knytt til drifta i Storeholmen VTA:

3. I kva grad blir sentrale krav og retningslinjer som eigarane stiller til selskapet etterlevd av Storeholmen VTA?
4. I kva grad driv Storeholmen VTA si verksemd i samsvar med sitt vedtektsfesta føremål og andre mål som er sett for selskapet?
5. I kva grad er drifta og tilbodet om tiltaksplassar tilpassa etterspurnaden frå kommunane?
6. I kva grad fungerer selskapet sitt tilbod om praksisplassar i samsvar med intensjonen?
7. I kva grad har selskapet tilfredsstillande samhandling med NAV?
8. Har selskapet system og rutinar som bidrar til å sikre etterleving av sentrale krav innanfor regelverket knytt til:
 - a. Lov om arbeidsmarkedstjenester og forskrift om arbeidsrettede tiltak
 - b. Internkontrollforskrifta knytt til HMT
 - c. Aksjelova
9. I kva grad har selskapet gjort ei vurdering av om det er underlagt offentleglova og regelverk om offentlege anskaffingar?
10. I kva grad har verksemda etablert eit tilfredsstillande kvalitetssystem?
11. I kva grad har selskapet etablert rutinar for å inkludere brukarane i prosessar knytt til utviklinga av selskapet?
 - a. I kva grad er det etablert brukarfora og eller ordningar med brukarrepresentasjon?
 - b. I kva grad opplever brukarane at tilbodet frå selskapet er tilpassa deira behov?
12. Har selskapet system og rutinar som bidrar til å sikre ein økonomisk forsvarleg drift?
 - a. Når selskapet dei økonomiske måla som er sett for selskapet?
 - b. Har selskapet ein forsvarlig eigenkapital jf. aksjelova § 3-4?
 - c. I kva grad har selskapet etablert rutinar for utarbeiding og oppfølging av budsjett?»

I samband med at Deloitte orienterte om status i denne selskapskontrollen i møte 4.5.15 vart dette protokollert:

«Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor Birte Bjørkelo frå Deloitte presenterte status i høve arbeidet med selskapskontroll av Storeholmen VTA AS og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Deloitte har framleis ikkje motteke dokumentasjon frå Storeholmen VTA AS (no Hardanger AKS AS).

Frist for levering av revisjonsrapport vert å komme tilbake til i neste møte.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. *Frist for levering av revisjonsrapport for selskapskontroll av Storeholmen VTA AS (no Hardanger AKS AS) vert å komme tilbake til i neste møte i kontrollutvalet.*
2. *Informasjonen vart elles teken til orientering»*

I samband med at Deloitte orienterte om status i denne selskapskontrollen i møte 17.6.15 vart dette protokollert:

1. *Kontrollutvalet ber om at styreleiar i Storeholmen VTA AS, Marie Fraas Aksnes, kjem i møte 24.8.15 for å gjera greie for kvifor ikkje informasjonen Deloitte har bede om i samband med selskapskontrollen er motteke enno.*
2. *Frist for levering av revisjonsrapport vert å komme tilbake til i neste møte*
3. *Informasjonen vert elles teken til orientering.*

Drøfting:

Det er Kvam herad og Hordaland fylkeskommune som har bestilt denne selskapskontrollen, eller til saman 81,81% av eigarane.

I dette møtet var det planlagt at styreleiar Marie Fraas Aksnes skulle komme for å gjera greie for kvifor ikkje informasjonen som Deloitte har bede om i samband med denne selskapskontrollen er motteke. Det viser seg at ho ikkje har høve til å møte denne dagen då ho skal delta på eit viktig kommunestyremøte i Kvam herad på same tid. Sekretariatet har i telefonsamtale 13.8.15 avtalt med styreleiar at dagleg leiar, Steinar Langenes, skal møte i staden.

Deloitte informerte sekretariatet 13.8.15 om at dei framleis ikkje har motteke den informasjonen dei har bede om frå Storeholmen, over eit halvt år etter fristen dei hadde sett. Deloitte vil også orientere om status og framdrift i prosjektet i møtet.

Konklusjon:

På bakgrunn av det som kjem fram under dagleg leiar si orientering vert det tilrådd at kontrollutvalet drøftar seg fram til ein konklusjon. På dette punktet vert difor saka lagt fram utan forslag til vedtak.

Det vert vidare tilrådd at kontrollutvalet i samråd med Deloitte kjem fram til ein dato for levering av ferdig revisjonsrapport for dette prosjektet. Dersom det ikkje kjem fram særskilte opplysningar, som t.d. krev justering ift. prosjektplan, vert det i tillegg tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Forslag til vedtak

1. Informasjonen frå dagleg leiar i Storeholmen VTA AS.....
2. Kontrollutvalet ber om at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan2015, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen og Storeholmen VTA AS sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.
2. Informasjonen frå Deloitte vert elles teken til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.



Arkivnr: 2014/24577-13

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	58/15	24.08.2015

Forvaltningsrevisjon av "Drift og vedlikehald av fylkesvegar" - Status i arbeidet ved Deloitte

Samandrag

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak si sak 107/14 i møte 15.12.14:

1. *Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan og «Drift og vedlikehald av fylkesvegar».*
2. *Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplanar i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar og ressursbruk.*
3. *Forslag til prosjektplanar bes levert sekretariatet seinast innan 12.1.2015.*
4. *Utvallsleiar får fullmakt til å godkjenna endelege prosjektplanar i samråd med sekretariatet.*

Utvallsleiar, i samråd med sekretariatet, godkjende prosjektplanen i e-post til Deloitte 19.1.2015.

Av den godkjende prosjektplanen går det fram at føremålet med revisjonen er:

«Føremålet med prosjektet vil vere å undersøke i kva grad Hordaland fylkeskommune har følgd opp drifts- og vedlikehaldsstrategien for fylkesvegnettet som vart vedteken i 2011.

Med bakgrunn i føremålet er det formulert følgjande problemstillingar:

1. *I kva grad er arbeidet med oppfølging av strategien organisert på ei føremålstenleg måte?*
 - a. *Er alle relevante aktørar representert i arbeidet?*
 - b. *Er rollar og ansvar klart definert?*
2. *I kva grad er det etablert planar, system og rutinar knytt til oppfølging av strategien?*
 - a. *Er det utarbeidd tiltaks-/handlingsplanar for arbeidet?*
 - b. *Er det etablert rutinar for rapportering knytt til arbeidet med drifts- og vedlikehaldsstrategien?*

- c. *Er det etablert retningslinjer/rutinar for vurdering og handtering av risiko knytt til realisering av strategien?*
 - d. *Er det etablert rutinar for å innhente/oppdatere faktagrunnlaget/status knytt til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet?*
 - e. *Er det etablert rutinar for evaluering av resultat/måloppnåing?*
 - f. *Er det etablert rutinar for revisjon av strategien undervegs?*
3. *I kva grad er det gjennomført tiltak for å sikre meir kostnadseffektiv bruk av midlar til drift av vegnettet?*
- a. *I kva grad er det utarbeidd kontraktsstrategiar for driftskontraktar?*
 - b. *Blir erfaringar med ulike kontraktsmodellar vurdert og dokumentert?*
 - c. *Er ansvar og oppgåver knytt til kontraktsoppfølging definert og fordelt?*
 - d. *Er det etablert tenlege rutinar for kontraktsoppfølging?*
 - e. *I kva grad prioriteringar/tiltak i strategien reflektert i dei årlege leveranseavtalane mellom fylkeskommunen og Statens vegvesen?*
4. *I kva grad er det gjennomført tiltak for å stoppe veksten i forfallet på vegkapitalen?*
- a. *I kva grad er økonomiske løyvingar til vedlikehald i samsvar med mål og strategiar?*
 - b. *I kva grad får fylkespolitiske organ oppdatert informasjon om vedlikehaldssituasjonen i samband med budsjettprosessen?*
 - c. *Er storleik og fordeling av løyvingar til vedlikehald basert på dokumenterte risikovurderingar?*
 - d. *I kva grad prioriteringar/tiltak i strategien reflektert i dei årlege leveranseavtalane mellom fylkeskommunen og Statens vegvesen?*
5. *I kva grad påverkar samhandlinga mellom Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen arbeidet med drifts- og vedlikehaldsutfordringane på fylkesvegnettet?*
- a. *I kva grad er det dokumenterte rutinar for samhandlinga mellom Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen?*
 - b. *Er det etablert særskilde rutinar for samhandling og rapportering knytt til gjennomføring av drift- og vedlikehaldsstrategien?*
 - c. *Er det gjennomført dokumenterte evalueringar av samarbeidet og rammeavtalen mellom Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen?*
 - d. *I kva grad understøttar rammeavtalen arbeidet med drifts- og vedlikehaldsutfordringane på fylkesvegnettet?»*

I samband med Deloitte si statusrapportering i møte i kontrollutvalet 4.5.15 vart det gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 10.8.15 ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.*
2. *Informasjonen vart elles teken til orientering*

Drøfting:

Sekretariatet har motteke informasjon frå Deloitte om at rapporten er vorte forseinka og diverre ikkje vil verta ferdig innan den fastsette fristen. Ny leveringsfrist er avtalt til 31.8.15 slik at den kan handsamast i møte i kontrollutvalet 21.9.15. I dette møtet vil Deloitte difor gi ei grundig orientering om status og framdrift i prosjektet.

Konklusjon:

Dersom det ikkje kjem fram særskilte opplysningar, som t.d. krev justering ift. prosjektplan eller leveringstidspunkt, vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.



Arkivnr: 2015/5589-4
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	59/15	24.08.2015

Vedtaksoppfølging av kunstnarbustad i Spania - Status i arbeidet ved Deloitte

Bakgrunn for saka:

Fylkesutvalet gjorde slikt vedtak i møte 26.3.15 sak PS 75/15 «Gjestekunstnarbustader og – ordningar knytt til Hordaland fylkeskommune»:

«Fylkesutvalet ber kontrollutvalet sjå på oppfølginga av tidlegare vedtak knytt til leilighet i Covarrubias, Spania.»

Saka vart diskutert i møte i kontrollutvalet 4.5.15 og i møte 17.6.15 der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet bestiller vedtaksoppfølging av kunstnarbustad i Spania, frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.*
2. *Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan, inkludert presentasjon av rapporten i møte i kontrollutvalet.*
3. *Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i fylkestinget.*
4. *Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 19.10.2015, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.*

Av den godkjende prosjektplanen går det fram at føremålet med vedtaksoppfølginga er:

«Føremålet med forvaltningsrevisjonen vil være å undersøke korleis vedtak knytt til leilighet i Covarrubias, Spania, er følgt opp. Vidare er føremålet å kartlegge og vurdere system og rutinar for iverksetting, gjennomføring og oppfølging av politiske vedtak i Kulturavdelinga.»

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:

1. *Korleis er vedtaka fylkesutvalssakene 222/07 og 200/11 følgt opp og kvifor er ikkje bruksavtale med stiftinga inngått?*
2. *I kva grad har Kulturavdelinga nytta vedtekne system og rutinar for iverksetting, gjennomføring og oppfølging av politiske vedtak?*

- a. *I kva grad sikrar rutinane at føresetnader knytt til utbetaling av tilskot og liknande vert innfridd før utbetaling.*
- b. *I kva grad gjev sak/arkivsystemet informasjon om restansar og status på vedtak?*
3. *Er det rutinar for rapportering internt i kulturavdelinga og i fylkeskommunen om oppfølging av vedtak?*
4. *Er det etablert rutinar for status- eller avviksrapportering til politisk nivå ?*

Drøfting:

I dette møtet vil Deloitte orientere om status og framdrift i prosjektet.

Konklusjon:

Dersom det ikkje kjem fram særskilte opplysningar, som t.d. krev justering ift. prosjektplan eller leveringstidspunkt, vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.



Arkivnr: 2015/2073-20

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	60/15	24.08.2015

Forvaltningsrevisjon av NDLA - Status i arbeidet ved Deloitte

Samandrag

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak 16/15 i møte 23.3.15:

1. *Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon av NDLA, frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.*
2. *Ev. ny korrigerert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 01.04.2015.*
3. *Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan, inkludert presentasjon av rapporten i møte i kontrollutvalet.*
4. *Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Hordaland fylkesting og ev. andre fora, fakturert etter timeforbruk avtalt med oppdragsgjevar.*
5. *Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan medio 2015, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen og styret i NDLA sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.*

Av den godkjende prosjektplanen går det fram at føremålet med forvaltningsrevisjonen er:

«Føremålet er å undersøke kva kontrollrutinar som er sett i verk for å sikre at regelverket for offentlege innkjøp blir følgt. Undersøkinga vil spesielt undersøkje regeletterleving, interne system og organisering av innkjøpsfunksjonen.»

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:

- *I kva grad vert føringar i føremål, vedtekter og organisering i høve til offentlege innkjøp etterlevd av NDLA?*
- *I kva grad er det etablert tilstrekkeleg internkontroll, tilpassa eininga si storleik og kompleksitet på innkjøpsområdet?*
- *I kva grad er det utarbeidd tenlege rutinar for innkjøpsarbeidet, og korleis er desse gjort kjend i eininga?*
- *I kva grad blir kjøp gjennomført i samsvar med regelverket om offentlege anskaffingar?*
- *I kva grad vert rettsreglar og interne rutinar knytt til habilitet etterlevd og dokumentert i innkjøp som eininga er ansvarleg for?*

- *I kva grad har eininga utarbeidd etiske retningslinjer knytt til innkjøpsarbeidet, og korleis vert desse etterlevd og gjort kjend i organisasjonen?*
- *I kva grad vert sentrale rettsreglar i arkivlov og offentleglov etterlevd, herunder spesielt arkivering og journalføring av dokument relatert til innkjøp?*

I samband med at Deloitte orienterte om status og framdrift i dette prosjektet i møte i kontrollutvalet 4.5.15 vart det gjort slikt vedtak

«Frist for levering av revisjonsrapport for forvaltningsrevisjon av NDLA vert å komme tilbake til i neste møte i kontrollutvalet.»

Sekretariatet fekk e-post frå Deloitte 1.6.15 med m.a. slik tekst:

«På grunn av omfattende mengde dokumenter og kompleksitet i prosjekt vedrørende NDLA, ber vi om å få øke rammen med 55 timer. Det er nå påløpt 160 + timer. Øvre ramme dersom dette aksepteres vil da være 255 timer. Økning i rammen er i samsvar med forutsetningene i plan for prosjektet jf. estimering av tid.»

I samband med at Deloitte orienterte om status og framdrift i dette prosjektet i møte i kontrollutvalet 17.6.15 vart det gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet ber om at revisjonsrapport for forvaltningsrevisjon av NDLA er klar frå Deloitte si side innan 7.9.2015, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen og styret i NDLA sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.*
2. *Kontrollutvalet godkjenner ein auke på 55 timar slik at den totale ramma etter dette vil verta 255 timar for dette prosjektet.*
3. *Informasjonen vert elles teken til orientering.*

Drøfting:

I dette møtet vil Deloitte orientere om status og framdrift i prosjektet.

Konklusjon:

Dersom det ikkje kjem fram særskilte opplysningar, som t.d. krev justering ift. prosjektplan eller leveringstidspunkt, vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
Utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.



Arkivnr: 2014/24576-13

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	61/15	24.08.2015

Forvaltningsrevisjon av "Rusførebyggande arbeid" - Status i arbeidet ved Deloitte

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak si sak 107/14 i møte 15.12.14:

1. *Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan «Rusførebyggande arbeid» og*
2. *Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplanar i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar og ressursbruk.*
3. *Forslag til prosjektplanar bes levert sekretariatet seinast innan 12.1.2015.*
4. *Utvallsleiar får fullmakt til å godkjenne endelege prosjektplanar i samråd med sekretariatet.*

Utvallsleiar, i samråd med sekretariatet, godkjende prosjektplanen i e-post til Deloitte 19.1.2015.

Av den godkjende prosjektplanen går det fram at føremålet med revisjonen er:

«Føremålet med prosjektet vil vere å undersøke korleis skulane arbeider rusførebyggande, og korleis dei følgjer opp dersom det er avdekka rusproblem ved den enkelte skule. Vidare er det eit føremål å undersøke korleis fylkeskommunen og skulane samarbeider med andre aktuelle aktørar innanfor rusførebyggande arbeid som t.d. politi, skulehelsestenesta, NAV eller forskingsmiljø.

Med bakgrunn i dette føremålet har Deloitte utarbeidd følgjande forslag til problemstillingar:

1. *I kva grad arbeider skulane systematisk og målretta med det rusførebyggande arbeidet?*
 - a) *Er det gjort systematiske kartleggingar og vurderingar av kva som er dei viktigaste utfordringane på dette området?*
 - b) *I kva grad er det utarbeidd planar for det rusførebyggande arbeidet?*
 - c) *Kva er dei viktigaste rusførebyggande tiltaka ved vidaregåande skular i Hordaland fylkeskommune?*
 - d) *I kva grad blir det sett i verk tiltak for å følgje opp tilfelle der det blir avdekka rusproblem?*

- e) *Blir eventuelle planar for rusførebyggande arbeid i tilstrekkeleg grad følgt opp ved dei enkelte skulane?*
 - f) *I kva grad legg skuleleiinga til rette for rusførebyggande arbeid og for at dei tilsette skal kunne delta i planlegging og gjennomføring av dette arbeidet?*
2. *I kva grad er det etablert samarbeid med føresette og andre samarbeidspartnarar i samband med det rusførebyggande arbeidet ved skulane?*
- a) *I kva grad samarbeider fylkeskommunen og skulane med andre relevante aktørar, som skulehelsetenesta, politi mv i samband med det rusførebyggande arbeidet?*
 - b) *I kva grad har fylkeskommunen etablert samarbeid med relevante forskingsmiljø for å avdekke rusproblem og få naudsynt kunnskap om korleis rusførebyggande tiltak fungerer?*
 - c) *I kva grad deltar elevane sjølv og elevane sine foreldre i planlegging og gjennomføring av det rusførebyggjande arbeidet?»*

I samband med at Deloitte orienterte om status i denne forvaltningsrevisjonen i møte 4.5.15 vart dette protokollert:

«Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor Birte Bjørkelo frå Deloitte presenterte status i høve arbeidet med forvaltningsrevisjon innan rusførebyggande arbeid og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Her har Deloitte hittil hatt problem med å få tilsendt ønskt dokumentasjon frå Hordaland fylkeskommune. På bakgrunn av dette vert levering av denne forvaltningsrevisjonen forseinka. Ny frist vert å komme tilbake til i neste møte.

På bakgrunn av dette vart det gjort slik samrøystes vedtak.

Vedtak

1. *Ny frist for levering av revisjonsrapport for forvaltningsrevisjon innan rusførebyggande arbeid vert å komme tilbake til i neste møte i kontrollutvalet.*
2. *Informasjonen vart elles teken til orientering.»*

I samband med at Deloitte orienterte om status i denne forvaltningsrevisjonen i møte 17.6.15 vart dette protokollert:

1. *Kontrollutvalet ber om at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 19.10.2015, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.*
2. *Kontrollutvalet ber også om å få ei grundig statusrapportering i samband med møte 21.9.2015.*
3. *Informasjonen vert elles teken til orientering.*

Drøfting:

I dette møtet vil Deloitte på nytt orientere om status og framdrift i prosjektet.

Konklusjon:

Dersom det ikkje kjem fram særskilte opplysningar, som t.d. krev justering ift. prosjektplan, vert det i tillegg tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.



Arkivnr: 2014/16411-8
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	62/15	24.08.2015

Oppfølging av forvaltningsrevisjon samhandling på vegområdet

Bakgrunn for saka:

Fylkestinget gjorde slikt vedtak 12.12.2012 i sak 85/12:

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport «Samhandling på vegområdet i Hordaland fylkeskommune» ber fylkestinget fylkesrådmannen syte for å:

1. Etablere formaliserte prosjektspesifikke møte for oppfølging av investeringsprosjekt (ref. eigarstyringsmøte i Sogn og Fjordane).
2. Vurdere om det vil vere føremålstenleg å nytte eit nettbasert system for dokumentdeling mellom fylkeskommunen og vegvesenet knytt til vegprosjekt.
3. Etablere meir formaliserte rutinar for den årlege evalueringa av rammeavtalen og vurdere om dette til dømes kan gjerast i samarbeid med dei andre fylkeskommunane i Region Vest.
4. Trekkje Vegvesenet og andre fylkeskommunar inn i arbeidet med å utarbeide praktiske rutinar for å handtere nye krav til budsjettering og rekneskapsføring i investeringsrekneskapsplanen, og handtering av fleirårige prosjekt.
5. Vurdere om ingeniørkompetansen innan samferdsleavdelinga er tilstrekkeleg.
6. Lage ein handlingsplan innan 15.02.2013 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksetjinga.»

Fylkesrådmannen sendte i april 2014 m.a. slik tilbakemelding om status i høve oppfølging av vedtaka i denne forvaltningsrevisjonen pr. 31.12.2013:

«Fylkesrådmannen seier seg lei for at fylkestinget sitt vedtak ikkje er følgt opp slik det skulle. Det må i stor grad forklarast med at samferdselsavdelinga i 2013 har hatt fleire leiarskifte med mellombelse konstitueringar og redusert bemanning.

I det følgjande vert dei ulike vedtakspunkta kommenterte.»

Kontrollutvalet handsama svaret i møte 06.05.14 og gjorde då slikt vedtak:

«Kontrollutvalet registrerer at det er gjort lite til no for å følgje opp fylkestinget sitt vedtak. På bakgrunn av dette seier kontrollutvalet seg ikkje nøgd med oppfølginga og ber om ny status i form av skriftleg tilbakemelding innan 17.11.2014.»

Fylkesrådmannen leverte ny status i høve vedtaket i starten av januar 2015. Svaret vart handsama i kontrollutvalet i møte 16.2.15 der det vart gjort slikt vedtak:

«Kontrollutvalet registrerer at det er sett i gang fleire positive prosessar for å følgje opp fylkestinget sitt vedtak, men at ferdigstilling for nokre vil skje i løpet av første kvartal 2015 og i løpet av første halvår 2015. På bakgrunn av dette ber kontrollutvalet om at fylkesrådmannen kjem med ny skriftleg status på området innan 17.4.15. I denne tilbakemeldinga er det ønskjeleg med meir konkrete fristar for gjennomføring av tiltaka, jf. vedtak i fylkestinget 12.12.12 punkt 6.»

I samband med møte i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 4.5.15 vart m.a. dette protokollert:

«Status forvaltningsrevisjon samhandling på vegområdet:
Kontrollutvalet har til no ikkje motteke skriftleg status i tråd med vedtaket over. Det viste seg også ved forrige rapportering at svar vart motteke 5.1.15, lenge etter den fastsette fristen som var 17.11.14.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet ber om at statusrapport med frist 17.4.15 vert levert snarast. I tillegg vert fylkesrådmannen bede om å komme i møte 17.6.15 for å presentere statusrapporten og å orientere om kvifor ikkje statusrapportar frå samferdselsavdelinga vert levert innan fastsette fristar.»

I samband med møte i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 17.6.15 vart dette protokollert:

«Fylkesrådmann, Rune Haugsdal presenterte statusrapport i høve oppfølging av forvaltningsrevisjon innan samhandling på vegområdet og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Det vart også orientert om kvifor ikkje statusrapportar frå samferdselsavdelinga vert levert innan fastsette fristar.

Fylkesrådmannen beklaga at kontrollutvalet ikkje hadde fått tilbakemelding på denne forvaltningsrevisjonen og lova at dette ville komme innan kort tid. Det vart også orientert om at i praksis er det sett i verk ei rekke tiltak på området og arbeidet er no inne i slutfasen.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vert teken til orientering og kontrollutvalet forventar tilbakemelding på forvaltningsrevisjonen seinast innan 10.8.15»

Drøfting:

Tilbakemelding i tråd med vedtaket over vart motteke i god tid før den fastsette fristen og ligg ved saka.

Sekretariatet har merka seg at Hordaland fylkeskommune er komme langt i fleire av prosessane for å følgje opp fylkestinget sitt vedtak. Vi har også merka oss at dette arbeidet har teke sær lang tid. Slik vi ser det er punkt 2 og 5 ferdig gjennomført medan punkt 4 er delvis gjennomført. Når det gjeld punkt 1 og 3 er det planen at desse rutinane skal vera på plass innan 31.12.15.

Konklusjon:

På bakgrunn av dette bør kontrollutvalet be om at fylkesrådmannen kjem med ny skriftleg status på punkta, 1, 3 og 4 innan 11.1.16.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet har merka seg at Hordaland fylkeskommune er komme langt i fleire av prosessane for å følgje opp fylkestinget sitt vedtak sjølv om det har teke sær lang tid. Punkta 2 og 5 er ferdig gjennomført og kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen kjem med ny skriftleg status på punkta, 1, 3 og 4 innan 11.1.16.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

1 Forvaltningsrevisjon innan samhandling på vegområdet – tilbakemelding til kontrollutvalet pr 30.06.2015



Notat

Dato: 09.07.2015
Arkivsak: 2014/16411-7
Saksbehandlar: benutne

Til: Kontrollutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Forvaltningsrevisjon innan samhandling på vegområdet – tilbakemelding til kontrollutvalet pr 30.06.2015

Bakgrunn

Fylkestinget sitt vedtak 12.12.2012 i sak 85/12:

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport «Samhandling på vegområdet i Hordaland fylkeskommune» ber fylkestinget fylkesrådmannen syte for å:

1. Etablere formaliserte prosjektspesifikke møte for oppfølging av investeringsprosjekt (ref. eigarstyringsmøte i Sogn og Fjordane).
2. Vurdere om det vil vere føremålstenleg å nytte eit nettbasert system for dokumentdeling mellom fylkeskommunen og vegvesenet knytt til vegprosjekt.
3. Etablere meir formaliserte rutinar for den årlege evalueringa av rammeavtalen og vurdere om dette til dømes kan gjerast i samarbeid med dei andre fylkeskommunane i Region Vest.
4. Trekkje Vegvesenet og andre fylkeskommunar inn i arbeidet med å utarbeide praktiske rutinar for å handtere nye krav til budsjettering og rekneskapsføring i investeringsrekneskapan, og handtering av fleirårige prosjekt.
5. Vurdere om ingeniørkompetansen innan samferdsleavdelinga er tilstrekkeleg.
6. Lage ein handlingsplan innan 15.02.2013 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksetjinga.»

Tilbakemeldingar til kontrollutvalet:

Etter dette har fylkesrådmannen/fylkesdirektør for samferdsel gjeve følgjande skriftlege tilbakemeldingar til kontrollutvalet:

- Brev frå fylkesdirektør samferdsel til fylkesrådmannen av 10.04.2014
- Notat frå fylkesrådmannen til kontrollutvalet av 19.11.2014 (inkl. brev av 10.04.2014)
- I tillegg har fylkesrådmann orientert i kontrollutvalet, seinast 17.6.2015

Fylkesrådmannen beklagar ein ikkje har svart ut kontrollutvalet sine anmodningar om tilbakemeldingar innan dei oppjevne fristane.

Saksprotokoll i kontrollutvalet 17.6.2015

Handsaming i møte

Fylkesrådmann, Rune Haugsdal presenterte statusrapport i høve oppfølging av forvaltningsrevisjon innan samhandling på vegområdet og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Det vart også orientert om kvifor ikkje statusrapportar frå samferdselsavdelinga vert levert innan fastsette fristar.

Fylkesrådmannen beklaga at kontrollutvalet ikkje hadde fått tilbakemelding på denne forvaltningsrevisjonen og lova at dette ville komme innan kort tid. Det vart også orientert om at i praksis er det sett i verk ei rekke tiltak på området og arbeidet er no inne i slutfasen. Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vert teken til orientering og kontrollutvalet forventar tilbakemelding på forvaltningsrevisjonen seinast innan 10.8.15.

Forvaltningsreformen pr 1.1.2010

Ved overtaking av «øvriga riksvegar» per 1.1.2010 fekk fylkeskommunen ei stor, spennande og utfordrande oppgåve. I samferdselsavdelinga vart vegseksjonen oppretta i 2010.

Prosjektet «Samhandling innan vegområdet» (SIV)

Samferdselsavdelinga engasjerte i desember 2014 konsulentbistand ved Karabin AS for å støtte vegseksjonen i prosjektet «Samhandling innan vegområdet». Føremålet med prosjektet er å utføra ein systematisk gjennomgang av samarbeidet mellom HFK og SVV, med ønskje om å forbetre og presisere følgjande element:

- Vegeigarrolla
- Planlegging
- Rapportering og styring i ulike typar prosjekt
- Vurdering av sentrale styringsdokument

Korleis HFK skal bli ein tydelegare vegeigar har vore ein sentral del av prosjektet. I dette ligg også eit større fokus på strategi og planlegging. Seksjonsleiar på vegseksjonen har styrt prosjektet.

Samhandlingsprosjektet er eit stort arbeid som må forankrast både i HFK og ikkje minst i SVV sin store organisasjon. Det er lagt ned mykje arbeid i denne forankringa. Samferdselsavdelinga tek sikte på å leggja fram politisk sak om dei område av prosjektet som krev politisk vedtak i desembertinget 2015. Dette gjeld t.d. endring i fullmakter.

Status for «Samhandling innan vegområdet» (SIV) per 30.6.2015:

1. Nytt utkast til styringsdokument (under arbeid):
 - a. Rammeavtale
 - b. Rolle- og oppgåvedeling mellom SVV og HFK
 - c. Fullmaktsmatrise
2. Auka fokus på planlegging meir enn gjennomføring gjennom:
 - a. Auka fokus på strategi i Regional Transportplan
 - b. Tydeleggjere plandelen i Plan- og byggeprogrammet
3. Tettare på prioriterte prosjekt (kostnad, risiko, oppmerksomheit eller omfang)
 - a. Bompengepakkar
 - b. Store prosjekt
 - c. Innført faste mandat for nye pakkar og store prosjekt
4. Innføre styringsgrupper med klart mandat i alle bompengepakkar og store prosjekt
5. Innføre faggrupper i alle programområde utafor Bergen der det er relevant, etter modell frå Bergensprogrammet. Gruppene skal ha eige mandat
6. Meir distansert frå standardhevingstiltak, berre rapportering ved vesentlege avvik
7. Meir systematisk kommunedialog
8. HFK skal bli tydelegare på strategi i plandokumenta
 - a. SVV skal inn i sekretariat for å sikre tettare samarbeid i planprosessen (RTP)
 - b. Handlingsprogrammet skal rullerast med fast frekvens
 - c. Innspel frå kommunane vil skje gjennom regionråda i planprosessen og formell høyring. Strekningsvise utgreiingar vil bli tilgjengeleggjort for kommunane
9. Årshjul for rapportering etablert
10. Tertialrapportane skal forbeholdt
11. Arbeid med vegopningar skal systematiserast meir
12. Innføre rapportering ved prosjektavslutning
13. SVV skal avslutte prosjekt rekneskapsmessig tidlegare
14. Tydeleggjering/profesjonalisering av Fylkesvegrådet. Skal vera eit kjent og etablert forum for HFK/SVV

Anna arbeid i vegseksjonen i 2015

I tillegg kan nemnast desse til dels tunge sakene som vil ha vidare fokus ut over hausten 2015:

- Delegering i plansaker
- Rullering av strategi for drift og vedlikehald
- Rutinar for behandling av saker om fråvik frå vegnormalene
- Veglys
- Arbeid med Regional Transportplan (RTP), herunder dialog med kommunane, herunder prioritering ut frå dei strekningsvise utgreiingane som SVV legg fram i august. Dette er vegfaglege dokument som grunnlag for RTP.

KS-prosjekt om vegeigarrolla

Tre-fire medarbeidarar på vegseksjonen har i 2015 også vore involvert i eit prosjekt i KS-regi om vegeigarrolla. Medarbeidar i Sør-Trøndelag fylkeskommune er prosjektleiar i dette prosjektet. Her er omlag 10 fylkeskommunar med, og planen er å utvikle/utveksle opplegg og tilnærmingar som dei ulike fylka kan ta i bruk. Prosjektet har eit særleg fokus på å utvikle vegeigarrolla og fylkeskommunen sitt samarbeid med SVV.

Status for fylkestingvedtak 85/12 per 30.6.2015

1. Etablere formaliserte prosjektspesifikke møte for oppfølging av investeringsprosjekt (ref.eigarstyringsmøte i Sogn og Fjordane).

Oppfølging av store investeringsprosjekt¹ har vore tema i fylkesvegrådet fleire gonger. Då prosjektet «Samhandling innan vegområdet» starta opp, valde fylkesdirektør for samferdsel å inkludere prosjektoppfølgning i prosjektet. Dette både for at det skal få ei god forankring i Statens vegvesen, og for å finne eit høveleg opplegg frå HFK si side. I prosessen har Sogn og Fjordane fylkeskommune og avdelingsdirektør i SVV i Sogn og Fjordane vore gode bidragsytarar. Konklusjonen er ikkje tatt enno. I tillegg er dette eit ressurs spørsmål for vegseksjonen.

Det kan nemnast at i 2015 er starta opp eitt stort (større enn 100 mill kr) prosjekt så langt; rassikringsprosjektet «Lussandberget». I tillegg reknar ein oppstart av «Storeskaret-Arefjord» (utlyst 25.6.2015) i løpet av 2015. Ut over dei prosjekta som blir prioritert i Bergensprogrammet, er det ingen konkrete planar om oppstart av større prosjekt før etter 2017.

Konklusjon: Får på plass eit opplegg i sluttleveransen til SIV innan 31.12.15.

2. Vurdere om det vil vere føremålstenleg å nytte eit nettbasert system for dokumentdeling mellom fylkeskommunen og vegvesenet knytt til vegprosjekt.

Dette er tatt i bruk der det er aktuelt. Bergensprogrammet har nytta *prosjektplassen.no*. Til dømes Askøypakken brukar det nye systemet til SVV som heiter *eroom.no*. For KS-prosjektet om vegeigarrolla er eit tilsvarende opplegg (*prosjektweb.no*) etablert og tatt i bruk.

Konklusjon: Er oppfylt.

¹ Det har vore diskutert kva som er eit stort prosjekt, om det t.d. er prosjekt med løyving over 100 mill kr, men også andre kriterium er aktuelle. Det er dermed også eit visst skjønn i dette.

3. Etablere meir formaliserte rutinar for den årlege evalueringa av rammeavtalen og vurdere om dette til dømes kan gjerast i samarbeid med dei andre fylkeskommunane i Region Vest.

Etablere meir formaliserte rutinar for den årlege evalueringa av rammeavtalen:

Gjennomgang av rammeavtalen er ein del av prosjektet som pågår no (SIV), og revidert rammeavtale vert ein del av sluttleveransen frå prosjektet. Vi tek sikte på å ferdigstillast dette i haust, og seinast innan 31.12.15.

Vurdere samarbeid med Rogaland og Sogn og Fjordane om evalueringa:

Hordaland fylkeskommune har hatt god hjelp og nytte av Sogn og Fjordane i samhandlingsprosjektet. Vi har innhenta ein del dokumentasjon frå andre instansar og fylkeskommunar, herunder Rogaland. Viser også til KS-prosjektet omtalt over.

Konklusjon: Vi vil få på plass ny rammeavtale i samband med sluttleveransen til SIV innan 31.12.2015. Rammeavtalen vil evaluerast årleg.

4. Trekkje Vegvesenet og andre fylkeskommunar inn i arbeidet med å utarbeide praktiske rutinar for å handtere nye krav til budsjettering og rekneskapsføring i investeringsrekneskapan, og handtering av fleirårige prosjekt.

Nye krav til budsjettering og rekneskapsføring: Økonomiavdelinga i Hordaland fylkeskommune har handtert dei nye krava til budsjettering for budsjettet for 2013 i samarbeid med SVV og vegseksjonen.

Konklusjon: Krava er følgt opp av økonomiavdelinga.

Handtering av fleirårige prosjekt: Frå 2010 har vegseksjonen signalisert behov for betre rapportering av fleirårige prosjekt. Tertial-/årsrapporteringa rapporterer berre i forhold til årets budsjett. Prosjektrapportar skal lagast for store prosjekt, slik som t.d. i Sogn og Fjordane eller Sør-Trøndelag.

Når det gjeld større avvik i investeringsprosjekt og eventuelt behov for budsjettjustering, skjer dette i fylkesvegrådet, vanlegvis med bakgrunn i eit notat frå SVV.

SVV skal oversenda (per sommar 2015) eit samla oversyn over medgåtte kostnader for alle prosjekt som ikkje er ferdigstilt. I tillegg arbeider dei med å få til eit opplegg for prosjektrapportering. Dette er også ein del av SIV-prosjektet, der mellom anna prosjektrekneskap og rapportering for vegprosjekta er tema.

Konklusjon: Får på plass rutinar i sluttleveransen til SIV innan 31.12.2015.

5. Vurdere om ingeniørkompetansen innan samferdsleavdelinga er tilstrekkeleg.

Tidlegare samferdselssjef og noverande fylkesdirektør er begge sivilingeniørar frå NTH/NTNU. Ut over det har ingen på samferdselsavdelinga ingeniørkompetanse. Ifølge avtalen om sams vegadministrasjon er det Statens vegvesen som har og utøver denne fagkompetansen for fylkeskommunen. Vi er bevisst på at det ikkje skal byggjast opp parallell kompetanse med SVV.

Likevel ser vi det ville vore ein fordel med vegteknisk kompetanse i vegseksjonen, i tillegg til annan kompetanse (prosjektstyringskompetanse, plankompetanse, økonomikompetanse, kollektivkompetanse mv).

Konklusjonen av vurderinga er at (vegteknisk) ingeniørkompetanse blir vurdert i samband med tilsetjingar på samferdselsavdelinga. Samferdselsavdelinga ønskjer å fokusera på å ansvarleggjera og nytta Statens vegvesen sine ingeniørkompetansar, i samsvar med avtalen om sams vegadministrasjon.

6. Lage ein handlingsplan innan 15.02.2013 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksetjinga.

Fylkesrådmannen meiner at følgjande punkt er oppfylt og svart ut: punkt 2, punkt 4 del 1, og punkt 5.

Når det gjeld punkt 1, punkt 3 og punkt 4 del 2, vil desse vera ein del av prosjektet «Samhandling innan vegområdet». Her vil bli skriva eit oppsummeringsdokument innan 31.12.15 som også omhandlar implementering.



Arkivnr: 2014/10495-16

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	63/15	24.08.2015

Bestilling av forvaltningsrevisjon

Bakgrunn for saka:

Fylkestinget gjorde m.a. slikt vedtak om plan for forvaltningsrevisjon i møte 13.06.12:

«Planen skal reviderast og evaluerast minst ein gong i valperioden. Fylkestinget delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne "revisjonen" og evalueringa.»

På bakgrunn av vedtaket over gjorde kontrollutvalet m.a. slikt vedtak i møte 17.2.2014:

«Kontrollutvalet bestiller rullering av plan for forvaltningsrevisjon, frå Deloitte AS. Arbeidet skal samordnast med rullering av plan for selskapskontroll og skal gjennomførast med utgangspunkt i forslag til prosjektplan.»

Det vart gjennomført prosessmøte i møte i kontrollutvalet 24.3.14 der utvalet aktivt deltok i evalueringa ved at dei føretok ny prioritering av prosjekta på bakgrunn av analysearbeid Deloitte hadde gjort før møtet. På bakgrunn av dette leverte Deloitte forslag til evaluert plan for forvaltningsrevisjon og kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i møte 6.5.2014:

«Revidert plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016 vert godkjent slik den ligg føre.»

Av den godkjende planen går det fram at i prioritert gruppe er desse 13 prosjekta sett opp i prioritert rekkefølge:

1. **Rusførebyggande arbeid**
2. **Drift og vedlikehald av fylkesvegar**
3. Regionale utviklingsmidlar (RUP)
4. Skuleskyssordninga

5. KOSTRA-rapportering
6. Tryggleik og beredskap
7. Vurderingsarbeidet i vidaregåande skular
8. Oppfølging av minoritetsspråklege elevar
9. Inntektskontroll knytt til Skyss og billetteringssystem
10. Arbeid med regionale planar
11. Offentlege innkjøp
12. Forvaltninga av kunst og verdifulle gjenstandar som er i fylkeskommunal eige
13. Arkivering, journalføring og offentlighet

Drøfting:

Det er pr. i dag to forvaltningsrevisjonsprosjekt som er bestilt på bakgrunn av evaluert plan for forvaltningsrevisjon: «Rusførebyggjande arbeid» og «Drift og vedlikehald av fylkesvegar». I tillegg har kontrollutvalet bestilt forvaltningsrevisjon av NDLA og vedtaksoppfølging av kunstnarbustad i Spania. For alle desse prosjekta skal det etter planen leverast revisjonsrapport tidleg haust 2015.

På bakgrunn av den evaluerte planen bør kontrollutvalet no vurderer kva nye prosjekt som skal setjast i bestilling. Kontrollutvalet skal for det første velja det eller dei nye prosjekta for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Ut frå planen finn sekretariatet det mest naturleg å gå for ein eller to av dei neste prosjekta som ligg i prioriteringa, altså prosjekt 3 «Regionale utviklingsmidlar (RUP)» og prosjekt 4 «Skuleskyssordninga».

Når utvalet har bestemt kva prosjekt dei vil bestilla, bør dei formulera eit føremål med prosjektet. Vidare bør utvalet definera og avgrensa prosjektet nærare, t.d. ved å formulere problemstillingar som ein vil at revisor skal finna svar på.

I dette arbeidet kan utvalet dra veksling på omtale av desse prosjekta, slik det kjem fram i evaluert plan for forvaltningsrevisjon punkt 1.1:

Prioritet	Prosjekt	Tema
3.	Regionale utviklingsmidlar (RUP)	I kva grad oppnår tiltaka som får regionale utviklingsmidlar ønska effekt?
4.	Skuleskyssordninga	I kva grad har fylkeskommunen ei skuleskyssordning som er føremålstenleg og i tråd med regelverket?
5.	KOSTRA-rapportering	I kva grad rapporterer fylkeskommunen korrekte tal til KOSTRA?
6.	Tryggleik og beredskap	<ul style="list-style-type: none"> • <i>I kva grad er det etablert system og rutinar for beredskapsarbeid</i> • <i>I kva grad blir system og rutinar etterlevd?</i> • <i>Korleis fungerer beredskapsarbeidet ved dei vidaregåande skulane?</i>

Konklusjon:

Det vert invitert til val av prosjekt i møtet, samt drøfting knytt til formulering av føremål, definering og avgrensing av prosjekt.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan
2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan(-ar) i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar og ressursbruk.
3. Forslag til prosjektplan(-ar) bes levert sekretariatet seinast innan 9.9.2015.
4. Prosjektplanen (-ar) skal godkjennast i neste møte i kontrollutvalet.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.



Arkivnr: 2014/10496-17

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	64/15	24.08.2015

Bestilling av selskapskontroll

Bakgrunn for saka:

Fylkestinget gjorde m.a. slikt vedtak om plan for forvaltningsrevisjon i møte 13.06.12:

«Planen skal reviderast og evaluerast minst ein gong i valperioden. Fylkestinget delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne "revisjonen" og evalueringa.»

På bakgrunn av vedtaket over gjorde kontrollutvalet m.a. slikt vedtak i møte 17.2.2014:

«Kontrollutvalet bestiller rullering av plan for selskapskontroll, frå Deloitte AS. Arbeidet skal samordnast med rullering av plan for forvaltningsrevisjon og skal gjennomførast med utgangspunkt i forslag til prosjektplan.»

Det vart gjennomført prosessmøte i møte i kontrollutvalet 24.3.14 der utvalet aktivt deltok i evalueringa ved at dei føretok ny prioritering av prosjekta på bakgrunn av analysearbeid Deloitte hadde gjort før møtet. På bakgrunn av dette leverte Deloitte forslag til evaluert plan for selskapskontroll og kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i møte 6.5.2014:

«Revidert plan for selskapskontroll 2012 – 2016 vert godkjent slik den ligg føre.»

Av den godkjende planen går det fram at i prioritert gruppe er desse 6 prosjekta sett opp i prioritert rekkefølge:

1. **Hardangerbrua AS**
2. **Fastlandssamband Halsnøy AS**
3. Bompengeselskapa
4. **Storeholmen VTA**

5. Arkivplikta til selskap fylkeskommunen har eigarskap i
6. Hordaland Teater LL

Vidare går det fram av planen at det i «Gruppe 2 – uprioriterte selskapskontrollprosjekt» er sett opp 7 andre prosjekt.

Drøfting:

Prosjekt 1 og 2 er ferdig levert og det er pr. i dag eit selskapskontrollprosjekt som er bestilt på bakgrunn av vedteken plan for selskapskontroll: «Storeholmen VTA». Det er enno ikkje fastsett dato for når dette prosjektet skal vera ferdig, jf. anna sak til dette møtet.

På bakgrunn av den evaluerte planen bør kontrollutvalet no vurderer kva nytt prosjekt som skal setjast i bestilling. Kontrollutvalet skal for det første velja det nye prosjektet for gjennomføring av selskapskontroll etter planen. Ut frå planen finn sekretariatet det mest naturleg å gå for prosjekt 3 «Bompengeselskapa».

Når utvalet har bestemt kva prosjekt dei vil bestilla, bør dei formulere eit føremål med prosjektet. Vidare bør utvalet definere og avgrensare prosjektet nærare, t.d. ved å formulere problemstillingar som ein vil at revisor skal finna svar på.

Konklusjon:

Det vert invitert til val av prosjekt i møtet, samt drøfting knytt til formulering av føremål, definering og avgrensing av prosjekt.

Forslag til innstilling/vedtak/avgjerd

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført selskapskontroll av
2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar og ressursbruk.
3. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 9.9.2015.
4. Prosjektplanane skal godkjennast i neste møte i kontrollutvalet.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
Utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.



Arkivnr: 2014/10501-8

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	65/15	24.08.2015

Forslag til møteplan for kontrollutvalet for 2016

Samandrag

Bakgrunn for saka:

Det blir med dette lagt fram forslag til møteplan for kontrollutvalet for 2016. Planen er utarbeid med utgangspunkt i møteplanen for dei andre utvala som vart godkjend i fylkesutvalet 18.06.15.

Drøfting:

Møta i denne planen er føreslått lagt til måndagar og onsdagar. I tillegg er møta lagt til andre veker enn dei vekene dei andre hovudutvala har møter. Dette for å unngå problem med å skaffe møterom. Det er så langt som råd er tatt omsyn til skuleruta 2015-2016 for skulane i Hordaland. Det er tradisjon for at kontrollutvalet første året i valperioden gjennomfører ein utanlands tur - vanlegvis til Brussel, og det er lagt opp til at dette skal skje i september. Det er også lagt inn to dagar i januar som er tenkt brukt til folkevaldopplæring for det nyvalde kontrollutvalet. Følgjande opplysningar kan elles vera relevant i samband med oppsett av møteplanen:

- Vinterferie i veke 7 i Sunnhordland (15. – 21.02.16)
- Vinterferie veke 8 i Hardanger/Voss/Tysnes (22. – 28.02.16)
- Vinterferie for skulane i Bergen, Sotra, Fusa, Austevoll, Os i veke 13 (i forlengelse av påsken)
- Påske 21. mars – 28. mars
- Kr. himmelfartsdag 5. mai
- Pinse 15. – 16. mai
- Festspela 25. mai – 8. juni
- Haustferie truleg veke 41 (10. – 16.10.15)

Konklusjon:

På bakgrunn av det som går fram over er det utarbeidd forslag til møteplan som ligg ved.

Forslag til vedtak

Forslag til møteplan for kontrollutvalet for 2016 vert godkjend slik den ligg føre.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

1 Møteplan for kontrollutvalet for 2016 - Forslag

Møteplan for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune for 2016

	Jan.	Febr.	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug.	Sept.	Okt.	Nov.	Des.
Kontrollutvalet	12.- 13.*	17.		6.	2. ma	20.		31.	19.-21	19.	14.	19.

*Folkevaldopplæring for kontrollutvalet



Arkivnr: 2014/10506-5

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	66/15	24.08.2015

Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i denne valperioden - Endeleg

Bakgrunn for saka.

I februar 2011 gav Kommunal og Regionaldepartementet (KRD) ut kontrollutvalsboka. Boka er utarbeida av Deloitte AS på oppdrag frå KRD og er ein lekk i å styrka arbeidet med eigenkontrollen i kommunane.

Kommunal og regionalminister Liv Signe Navarsete påpeikte dette under lanseringa av boka:

"Målet med Kontrollutvalsboka, som Deloitte har skrivne på vegne av departementet, er å skape større forståing for rolla og oppgåvene til kontrollutvalet, og bidra til eit godt samspel mellom aktørane i eigenkontrollen."

Kapittel 11 i boka omhandlar "Oppfølging og evaluering" av kontrollutvalet, sekretariatet og revisjonen sitt arbeid. Sidene 142 og 143 i boka, som omhandlar evaluering og erfaringsoverføring til nytt kontrollutval, ligg ved. På bakgrunn av dette vart det gjennomført ei evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune i denne valperioden i møte 17.6.15. I evalueringa deltok fylkesvaraordførar, fylkesrådmann, kontrollutval, sekretariat og revisjon. Til hjelp i dette arbeidet vart det nytta eit skjema som sekretariatet hadde laga med aktuelle spørsmål. Ferdig utfyllt skjema etter juni møtet ligg ved.

I møtet 17.6.15 i kontrollutvalet vart m.a. dette protokollert:

«Resultatet av arbeidet vart notert inn i «Skjema for evaluering av arbeidet i kontrollutvalet» som låg som vedlegg til denne saka. Det vert også lagt opp til at evalueringa skal presenterast for dei andre fylkeskommunale kontrollutvala på Vestlandet i felles evalueringssamling i Flåm 22. – 23.6.15. På bakgrunn av det som kjem fram under samlinga i Flåm vert endeleg evaluering å kome attende til i neste møte.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. *Resultat av denne evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune i valperioden 2011 – 2015 vert å leggje fram for kontrollutvalet i valperioden 2015 – 2019.*

2. *Endeleg evaluering etter samlinga i Flåm, vert å komme attende til i neste møte.»*

Drøfting:

I tida 22. – 23.6.15 deltok kontrollutvalet i ei felles evalueringssamling i Flåm saman med dei andre fylkeskommunale kontrollutvala på Vestlandet. Sekretariatsleiarane i dei fire fylkeskommunane skal ha felles skype-møte 21.8.15 der dei m.a. skal opp summere evalueringssamlinga. Avhengig av kor langt ein kjem med oppsummeringa i dette møtet, vil resultat av evalueringa verta presentert for kontrollutvalet i dette møtet.

Konklusjon:

Sekretariatet tilrår at oppsummeringa som vert presentert i møtet, saman med eigne erfaringar kontrollutvalet gjorde under samlinga i Flåm, vert lagt til grunn med tanke på å få fram ei endeleg evaluering av arbeidet i denne valperioden. Evalueringa bør resultere i eit forslag til ev. endringar/betringar i rutineane som kan gjere arbeidet med eigenkontrollen i Hordaland fylkeskommune enno betre. Resultatet av evalueringa bør leggjast fram for kontrollutvalet i valperioden 2015 - 2019.

Forslag til vedtak

Resultatet av endeleg evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune i valperioden 2011 – 2015 vert å leggje fram for kontrollutvalet i valperioden 2015 – 2019.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
Utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

- 1 Kontrollutvalsboka - Evaluering
- 2 Skjema for resultat av evaluering av arbeidet i kontrollutvalet 17.6.15

Evaluering

Eigenevaluering

Det kan vere nyttig for kontrollutvalet å evaluere eige arbeid jamleg. Målsetjinga er å sørge for kontinuerleg læring og forbetring ved å fokusere på korleis kontrollutvalet fyller sin kontroll- og tilsynsfunksjon.

Kontrollutvalet si samhandling med sekretariatet og revisjonen bør vere ein del av evalueringa. Evalueringa kan gjerne gjennomførast som ein dialog med revisor og sekretær, dersom dette ikkje er til hinder for at kontrollutvalet kan snakke ope og ærleg om sine erfaringar. Sentrale spørsmål vil vere om kontrollutvalet sine forventingar blir innfridde, om saker blir tilstrekkeleg førebudde og korleis samhandlinga kan bli endå betre.

Det kan skrivast referat frå evalueringa. Dersom ein identifiserer forbettringsområde, bør ein føreslå konkrete tiltak. Evaluering kan gjennomførast ein gong i året, gjerne før årsmelding og årsplan blir utarbeidde, slik at det er muleg å integrere forbetringstiltak utvalet sin verksemdsplan.

Tips

Tema for evaluering

- Blir møta gjennomførte på ein effektiv og engasjerande måte?
- Er talet på møte tilstrekkeleg i høve til saksmengda?
- Klarer kontrollutvalet å fyller kontrollfunksjonen på ein god måte?
- Korleis blir utvalet oppfatta av andre sentrale aktørar slik som kommunestyret og administrasjonen?
- Er det klåre roller og klår ansvarsdeling mellom kontrollutvalet, kommunestyret og administrasjonen?
- Bør kontrollutvalet gjere meir og/eller mindre av noko?
- Korleis fungerer samhandlinga med revisor?
- Korleis fungerer samhandlinga med sekretariatet?
- Kva forbetringstiltak kan gjennomførast?

Eksempel

Evaluering av arbeidet og samhandlinga til kontrollutvalet

Kontrollutvalet i Fredrikstad bestemte seg for å gjennomføre evalueringar av eiga verksemd med eit spesielt fokus på samhandling mellom utvalet, ordførar og rådmann. I oppstarten fekk dei ekstern prosessrettleiing for å lære om korleis slike evalueringssamlingar kan gjennomførast. I ettertid har kontrollutvalet gjennomført slike evalueringssamlingar med jamne mellomrom. På desse samlingane deltek både ordførar og rådmann saman med utvalet. Møta blir oppfatta som eit godt høve til å diskutere korleis kontrollutvalet kan ta hand om sine kontrolloppgåver, og korleis ein kan leggje til rette for god samhandling mellom utvalet, ordførar og rådmann. Spesielt har dei fokusert på korleis saker som ikkje er planlagde, som til dømes granskningar, skal handsamast.



Ein god måte å få innspel til tema i evalueringsmøte, er gjennom erfaringsutveksling med andre kontrollutval. Då kan ein ta opp erfaringar knytte til arbeidet i kontrollutvalet og gje kvarandre innspel til gode arbeidsformer og liknande.

*”Utvikling skjer ved erfaring og opplæring. Fellesmøter med andre kontrollutvalg og kontrollutvalgsledere gir nye impulser og utvikling.”
(Kontrollutvalsleiar, Rindal)*

Involvering av samhandlingspartnarar

Det er også viktig at kontrollutvalet sine samhandlingspartnarar får høve til å evaluere arbeidet til kontrollutvalet og kome med innspel til forbetningsområde. Både kommunestyret og administrasjonen kan ha verdifulle erfaringar som kan vere med på å gjere kontrollutvalet sitt arbeid endå betre. Å invitere desse aktørane med på ei evaluering kan også medverke til å synleggjere og forankre kontrollutvalet sitt arbeid. Evalueringa kan gjennomførast ved at ordførar, gruppeleiarar og administrativ leiing blir inviterte til eit møte.

Erfaringsoverføring til nytt kontrollutval

Når kontrollutvalsperioden går mot slutten, er det viktig å leggje til rette for erfaringsoverføring til neste kontrollutval. Det er ein føremon at ikkje alle medlemmene blir skifta ut, slik at ein sikrar ein viss kontinuitet i arbeidet til utvalet. Sekretariatet og revisjonen vil også vere med på å halde oppe stabilitet. Det er uansett avgjerande å etablere ein god praksis for erfaringsoverføring. Mulege tiltak kan vere å:

- gjere mest muleg av kontrollutvalet sine rutinar og erfaringar skriftlege
- gjere materialet lett tilgjengeleg for nye medlemmer, til dømes i form av ein perm som dei får ved oppstart. Permen kan innehalde:
 - lover og forskrifter
 - rettleiar
 - reglement
 - årsplanar
 - relevante rutinar og retningslinjer,
 - overordna analyse og planar,
 - dei siste gjennomførte forvaltningsrevisjonane, selskapskontrollane og liknande undersøkingar
 - årsmeldingar
 - evalueringar
- invitere tidligare kontrollutvalsleiar til eit av dei første møta i kontrollutvalet for å snakke om erfaringar

Skjema for evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i valperioden 2011 – 2015

Møte i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 17.6.15

Fylkesrådmann Rune Haugsdal og fylkesvaraordfører Mona Hellesnes deltok på dei punkta i evalueringa som er merka **gult**. Forutan kontrollutvalet deltok i tillegg Gunnar Hoff og Espen Hordvik frå Deloitte og sekretariatet i heile evalueringa.

Til vestlandssamlinga i Flåm i juni 2015 vil kontrollutvalet (heretter kalla KUV) og sekretariatet gjennomføre evaluering av arbeidet i KUV i valperioden 2011 – 2015. Evalueringa inneheld desse spørsmåla:

Nr.	Spørsmål	Svar
1	I kva grad blir møta gjennomførte på ein effektiv og engasjerande måte? Kva kan gjerast betre?	Effektive møter med stram møteleiing. Sekretariatet gjer ein god og ryddig jobb. Punktet eventuelt inneheld ofte litt for mange punkt. Det bør vurderast om nokre av punkta under eventuelt i saklista i framtida kan vera ordinære saker eller referatsaker.
2	Er talet på møte tilstrekkeleg i høve til saksmengda?	Ja.
3	Klarer KUV å fylla kontrollfunksjonen på ein god måte, kva kan gjerast betre?	Fylkesrådmannen meinte at: KUV gjer ein god jobb, men det er ressurskrevjande å følgje opp alle forvaltningsrevisjonar. Må baserast på risikovurderingar. Ønskjer å verta meir involvert i arbeidet med analyse og plan. Ønskjer det same når revisjonsrapporter er i sluttfasen ift. prioriteringar av forslag til tiltak. Fylkesvaraordfører meinte at: Ho har veldig godt inntrykk av KUV. Tydelige og konkrete forslag i revisjonsrapportar. Av og til omfattande og vanskelig å sjå kva som er viktigast. Viktig at KUV vert gjort kjend for TING og FUV tidleg i valperioden. Kontrollutvalet, Deloitte og sekretariatet orienterte om prosessen som er gjort i starten av valperioden i høve analyse og planar, men slutta seg også til innspela over. Det kan vera risiko for at stor mengde saker kan føre til «slitasje» på politisk hald. Administrasjon og politisk hald ønskjer å verta meir involvert i arbeidet med: <ul style="list-style-type: none">• Analyse og planar• Prioritering av forslag til tiltak i revisjonsrapportar KUV må gjerast kjend for TING og FUV tidleg i valperioden
4	I kva grad har KUV hatt økonomiske rammer til å gjennomføre oppgåvene på ein god måte?	Økonomien har ikkje avgrensa kva kontrollutvalet har ønskt å sette fokus på i denne valperioden.
5	Korleis blir KUV oppfatta av andre sentrale aktørar slik som fylkestinget og administrasjonen?	Jf. punkt 3
6	Har fylkestinget og administrasjonen forståing av kva rolle og ansvar KUV har? Korleis kan KUV bidra til god	Fylkesrådmannen meinte at: Toppleiinga er positiv til KUV. Elles i organisasjonen er nok heile spekteret dekkja. Informasjon for adm. om

	forståing?	KUV sin rolle og ansvar kan kanskje vera nyttig. KUV meiner at meir informasjon både til politisk hald og administrasjon vil bidra til å gjera forståinga av roller og ansvar betre
7	Er det klare roller og klår ansvarsdeling mellom KUV, fylkestinget og administrasjonen?	OK slik det er i dag.
8	I kva grad er KUV synleg nok på fylkeskommunen si heimeside?	Her er det ein del som kan gjerast for å betre dette. Sekretariatet vil ta tak i dette hausten 2015. Bør også børste støv av mediestrategien. Sekretariatet vil gjennomgå og oppdatere innhaldet på heimesida til HFK utover hausten 2015.
9	Bør KUV gjere meir og/ eller mindre av noko?	Fylkesvaraordførar meinert at: Mengda kontrollar må bli handterbart både for politisk miljø og administrasjon. Både i høve tal rapportar og i høve tal vedtak i rapportane. Kontrollutvalet meinte at KUV bør verta meir synleg i fylkeskommunen.
10	Korleis fungerer samhandlinga med revisor? Kva kan gjerast betre?	Alle meiner det fungerer veldig fint.
11	Korleis fungerer samhandlinga med sekretariatet? Kva kan gjerast betre?	Alle meiner det fungerer veldig fint. Stor tillit til arbeidet som utføres og sekretariatet har klar rolleforståing.
12	Kva forbetringstiltak kan gjennomførast?	Det nye kontrollutvalet bør få nok tid til å verta betre kjend med analyse og planar før dei vert lagt fram til politiska handsaming. Det bør difor vurderast om analysar og planar skal leggjast fram for TING først i oktober eller desember 2016.
13	Kva bør folkevaldopplæringa for det nye KUV innehalde og kor omfattande bør det vera?	Kontrollutvalet meinte at folkevaldopplæringa i neste valperiode bør gjerast slik: <ul style="list-style-type: none"> • Kort innføring for KUV i første møte (møter) om roller, ansvar og andre viktig moment. • Lære å lese og forstå revisjonsrapportar • Korleis vert rekneskapsrevisjonen gjennomført • Vurdera å ha med varamedlemmar på opplæringa • Felles opplæring med andre fylkeskommunale kontrollutval må vera lagt opp enklare og meir praktisk enn sist, med gruppearbeid og case. Tilrår kort innføring for KUV i første møte om roller, ansvar og andre viktig moment. Tilrår felles opplæring med dei andre kontrollutvala i dei andre fylkeskommunane. Må likevel sjå på omfanget av aktiviteten. Siste samling på Flesland var veldig bra.
14	Folkevaldopplæringa for fylkestinget: - Bør KUV få delta her? - Bør roller og ansvar for KUV presenterast her?	Fylkesvaraordførar meinert at: KUV bør få delta på den ordinære folkevaldopplæringa og i tillegg få tid til å presentere roller og ansvar for TING og FUV. Ho meinte vidare at KS sitt opplegg til no ikkje har vore tilpassa fylkeskommunane Fylkesrådmann meinert at: Har ambisjonar om folkevaldopplæring i neste valperiode. M.a. ved at ein held på å etablere eit samla sekretariat for dei politiske utvala som skal bidra i dette arbeidet.

		Kontrollutvalet tilrår at KUV får delta i den ordinære folkevaldopplæringa som vert lagt opp for fylkestinget og at det vert sett av ei økt der KUV kan få presentere m.a. sin rolle og sitt ansvar
15	Anna	Det kom ikkje fram noko under dette punktet.

På bakgrunn av evalueringa kjem desse tilrådingane til det nye kontrollutvalet i valperioden 2015 – 2019:

- Kort innføring for KUV i første møte om roller, ansvar og andre viktig moment.
- Kontrollutvalet bør få delta i den ordinære folkevaldopplæringa som vert lagt opp for fylkestinget. Det bør også settast av tid til ei økt der KUV kan få presentere m.a. sin rolle og sitt ansvar
- Tilrår felles opplæring med dei andre kontrollutvala i dei andre fylkeskommunane. Må likevel sjå på omfanget av aktiviteten.
- KUV må gjerast kjend for TING, FUV og administrasjonen tidleg i valperioden. Meir informasjon både til politisk hald og administrasjon vil bidra til å gjera forståinga av roller og ansvar betre.
- Administrasjon og politisk hald ønskjer å verte meir involvert i arbeidet med:
 - o Analyse og planar
 - o Prioritering av forslag til tiltak i revisjonsrapportar
- Det bør vurderast om analysar og planar skal leggjast fram for TING først i oktober eller desember 2016, når KUV er vorte litt meir trygg på sin rolle.



Arkivnr: 2014/10498-63

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	67/15	24.08.2015

Rekneskapsresultat hittil i 2015 for kontrollutvalet

Bakgrunn for saka

Det er tradisjon at rekneskapsrapportar hittil i år for kontrollutvalet, ekstern revisor og sekretariat for kontrollutvalet vert lagt fram i dei fleste møte.

Drøfting:

I dette møtet vil sekretariatet leggje fram rekneskapsrapportar hittil i 2015.

Konklusjon:

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet tar rekneskapsrapportane til orientering.

Forslag til vedtak

Rekneskapsresultatet hittil i 2015 for kontrollutvalet, ekstern revisor og sekretariat for kontrollutvalet vert teke til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.



Arkivnr: 2014/10500-13

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	68/15	24.08.2015

Gjennomgang av møteprotokoller

Samandrag

I denne saka er tanken at kontrollutvalet skal gjera ei vurdering av saker i møtebøker frå andre politiske utval i Hordaland fylkeskommune. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfte ulike problemstillingar som ein finn av særlig interesse i protokollane. Møtebøkene kan lastas ned frå heimesida til fylkeskommune, <http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/utvalg/AllUtvalg>

Kontrollutvalet har tidlegare vorte samde om å dela jobben med å lesa gjennom møtebøkene før møta i utvalet slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Fylkestinget	Randi Stang Volden
Fylkesutvalet	Torill Vebenstad
Kultur- og ressursutvalet	Elisabeth Næverlid Sævik
Opplærings- og helseutvalet	Lars Erik Dalland
Samferdselsutvalet	Magne Ivar Fauskanger

Følgjande møteprotokollar er aktuelle å gjennomgå i dette møtet:

- Fylkestinget Ingen
- Fylkesutvalet 18.06.2015
- Kultur- og ressursutvalet 09.06.2015
- Opplærings- og helseutvalet Ingen
- Samferdselsutvalet 09.06.2015

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møtebøkene til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
Utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

PS 69/15 Referatsaker



HARDANGERBRUA
www.hardangerbrua.no

HANDLINGSPLAN

I tingsetet den 15.03.15 gjorde fylkestinget følgjande vedtak i sak PS 5/15 «Selskapskontroll av Hardangerbrua AS» utført av Deloitte på oppdrag av kontrollutvalet:

Hardangerbrua AS syter for å:

1. Innføre følgjande praksisar tilrådd av KS:

- Utarbeide styreinstruks
- Gjennomføre eigenevaluering for styret
- Tilbod om opplæring for styrerepresentantar
- Gjennomføre styreseminar med fokus på roller, ansvar og oppgåver
- Utarbeide årleg plan for styret sitt arbeid
- Slutte seg til KS sitt styrevervregister

2. Gjennomgå selskapet sine system og rutinar for innkjøp og sikrar at innkjøp blir gjennomført i samsvar med regelverket om offentlege anskaffingar.

3. Gjennomgå sine rutinar for journalføring og vurderer korleis ein kan få selskapet sin postjournal i samsvar med krav til journalføring i arkivforskrifta.

4. Utarbeide skriftlege rutinar for budsjettering og oppfølging av budsjett, som inkluderer retningslinjer for rapportering om avvik frå budsjett.

5. Det vert laga ein handlingsplan innan 01.06.15., som syner kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

I styremøte i Hardangerbrua AS den 09.04.15. sak 17-15 vedtok styret:

Vedtak: Etter innspel frå styret, utarbeider styreleiar ein handlingsplan i tråd med pkt. 5. til junimøtet.

På dette grunnlag vil styreleiar utarbeida eit utkast til handlingsplan for gjennomføring av dei tiltak fylkestinget har vedteke. Dei enkelte punkt vert opplista i eige vedlegg.

Ved utarbeiding av handlingsplanen meiner styreleia at vi må ta omsyn til planar om regionale bompengeselskap, og at fylket som majoritetseigar har vedteke å redusera styremedlemer til tre. Det bør ikkje setjast i gang kostbare tiltak som berre vil ha effekt ei svært kort tid.

I fylkestingsvedtaket er også fylkesrådmannen pålagt oppgaver i punkta 6 – 9 som også omhandlar handlingsplan. Styret avventar denne og vil ta den til etterretning.

Lofthus, den 30.mai 2015

Einar Lutro, arb.styreleiar

Vedlegg til:

HANDLINGSPLAN

Opplisting av dei enkelte punkt Fylkestinget har vedteke:

1. **Innføre følgjande praksisar tilrådd av KS:**
 - **Utarbeide styreinstruks.** Styret syter for å få utarbeid tein styreinstruke i samsvar med KS sine tilrådingar.
 - **Gjennomføre eigenevaluering for styret.** Styret vil gjennomføre eigenevaluering i samsvar med KS sine tilrådingar.
 - **Tilbod om opplæring for styrerepresentantar.** Styret vil i første omgang få oversikt over kven av medlemene som har gjennomgått opplæring. For så å tilby styreseminar for dei som ikkje har dette.
 - **Gjennomføre styreseminar med fokus på roller, ansvar og oppgåver.** Viser til kulepunkt over. Er kjend med at fylkeskommunen vurderer å gjennomføra styreseminar for styremedlemer etter neste val.
 - **Utarbeide årleg plan for styret sitt arbeid.** Tek sikte på å utarbeida ein slik plan for komande år (2016).
 - **Slutte seg til KS sitt styrevervregister.** Få oversikt over kven av medlemene som er/ikkje er, tilslutta registeret.
2. **Gjennomgå selskapet sine system og rutinar for innkjøp og sikrar at innkjøp blir gjennomført i samsvar med regelverket om offentlege anskaffingar.** Dette er styret fullt medvitne om og med to unntak har følgd i alle sine innkjøp og avtalar.
3. **Gjennomgå sine rutinar for journalføring og vurderer korleis ein kan få selskapet sin postjournal i samsvar med krav til journalføring i arkivforskrifta.** Postjournalen vår er f.o.m. 2015 lagt om for på ein enkel måte tilfredstille arkivlova. Dette for å unngå innkjøp av eit omfattande og kostbart system, når vi truleg om kort tid vil gå inn i eit regionalt selskap.
4. **Utarbeide skriftlege rutinar for budsjettering og oppfølging av budsjett, som inkluderer retningslinjer for rapportering om avvik frå budsjett.** Vil etterkoma dette f.o.m. rekneskapsåret 2016.
5. **Det vert laga ein handlingsplan innan 01.06.15., som syner kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.** Er med dette gjordt. Oppfølging vert gjordt fortløpande.

Fra: Einar Lutro (hardangerbrua@lofthus.no)
Sendt: 21.06.2015 09:56:39
Til: Roald Breistein; Kontrollutvalet - Postmottak
Kopi: hfh@hfk.no; Fylkesordførar; Rune Haugsdal

Emne: Handlingsplan
Vedlegg: 15.05.30. Handlingsplan.PDF
Hei

Viser til tidlegare korrpondanse, seinast brev dags. 19.d.s.
Handlingsplanen var ferdig skriven pr. 1.juni som pålagt. Men vi har venta med å senda den ut før styret hadde handsama den. Følgjer no vedlagt denne epost.

Mvh
Einar Lutro, styreleiar



Notat

Dato: 02.06.2015
Arkivsak: 2014/860-8
Saksbehandlar: karvike

Til:	Kontrollutvalet
Frå:	Fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Sluttrapport - forvaltningsrevisjon økonomistyring

Fylkesrådmannen viser til vedtaket fylkestinget gjorde i møte 11. mars 2014, sak 15/2014, med slik ordlyd:

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport "Økonomistyring i Hordaland fylkeskommune", ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

- 1. Fastsetja krav til dokumentasjon av rutinar på økonomiområdet i avdelingar og underliggjande einingar.*
- 2. Samla all dokumentasjon på økonomiområdet i Kvalitetssystemet.*
- 3. Utarbeida nærare/konkrete retningsliner for bruk av risikovurderingar på økonomiområdet.*
- 4. Utarbeida mal/rapportformat på tertialrapportane, herunder:*
 - a. konkretisera korleis samanhengar mellom «produksjonen»/drifta og den økonomiske situasjonen skal omtalast.*
 - b. Krav til utforming av tiltak, oppfølging og måling av effektar*
- 5. Skriftleggjera/dokumentera dei prinsipp som i dag blir lagt til grunn ved vurdering av om det skal gjennomførast budsjettregulering. I denne samanheng bør det også vurderast om det vil vera tenleg å etablera og dokumentera prinsipp for gjennomføring av administrative lokale budsjettendringar.*
- 6. Kartlegga behov og gjennomføra tiltak for å auka økonomikompetansen hos leiarar og økonomiarbeidarar i fylkeskommunen.*
- 7. Laga ein handlingsplan innan 1.6.2014 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»*

I notat datert 27.05.2014 skisserte ein korleis arbeidet skulle følgjast opp i samsvar med punkt 7 i vedtaket. Deretter vart det sendt notat 22.12.2014 om status for handlingsplanen, der det vart opplyst om at dei fleste av punkta 1-7 ovanfor var følgde opp. I møte i kontrollutvalet 16.02.2015 ber kontrollutvalet om ny status i form av skriftleg tilbakemelding innan 30.06.2015.

Fylkesdirektør økonomi og organisasjon vil med dette gje ein sluttrapport.

Punktvis gjennomgang av oppfølginga som er gjennomført

1. Krav til dokumentasjon av rutinar på økonomiområdet

Rutine for budsjettarbeidet på avdelingar og underliggjande einingar er utarbeidd og gjort tilgjengeleg i kvalitetssystemet.

Krav til økonomirapportar frå avdelingane og underliggjande einingar gjennom året må ein sjå i samanheng med det som står i punkt 3 og 4 nedanfor.

2. Samla all dokumentasjon på økonomiområdet i kvalitetssystemet

Dokumentasjon og rutinar innanfor økonomiområdet er lagt inn i kvalitetssystemet og dokument i Økonomihandboka er tilgjengelege i kvalitetssystemet. Dei same dokumenta i Økonomihandboka er også tilgjengelege via intranettsidene.

3. Retningslinjer for bruk av risikovurderingar

Det er i 2014 sett fokus på risikovurderingar innanfor økonomiområdet både i samband med budsjettarbeidet og i økonomirapporteringa. I budsjettdokumentet for 2015, i innleiingskapitlet, er det eit eige underkapittel om risikovurdering. Dei ein skilde avdelingane har kome med innspel til den samla risikovurderinga som er teken inn i budsjettet for 2015.

I tertialrapportane i 2014 vart det teke med eit eige avsnitt om vurdering av risiko for avvik på sentrale budsjettpostar. Desse vurderingane byggjer både på rapportar frå avdelingane og vurderingar gjort av økonomi- og organisasjonsavdelinga. I ny mal for tertialrapportering, som er tatt i bruk i samband med rapporteringa pr. 1. tertial 2015, er eit fast punkt at avdelingane skal rapportere inn risiko i høve til positive og negative avvik. Dei viktigaste risikofaktorane vert summert opp i tertialrapportane som vert lagt fram for politisk handsaming.

4. Mal/rapportformat på tertialrapportane

Fylkesrådmannen har i samband med budsjettarbeidet for 2015 utarbeidd avdelingsvise mål og målsetjingar, som er tekne med i budsjettet for 2015.

Økonomi- og organisasjonsavdelinga har laga ny mal og rapportformat for tertialrapportane frå avdelingane der avdelingane rapporterer inn økonomisk resultat til no i år og skriv inn merknader/kommentarar til avvik og prognose. Korleis ein ligg an i forhold til mål/måltal og risikovurdering vert også tatt med som faste rapporteringspunkt. Moglege tiltak for å lukke avvik/reduere overskridingar vert drøfta og avklart mellom økonomi- og organisasjonsavdelinga og fagavdelingane under utarbeiding av tertialrapportane.

Vedlagt denne rapporten følgjer eksempel på rapport som er laga etter malen avdelingane brukte ved 1. tertialrapportering i 2015. Rapporten er under vidare utvikling og fylkesrådmannen vil truleg gjere nokre justeringar til 2. tertial – spesielt for å få inn nok informasjon frå dei store avdelingane: opplæring og samferdsel.

I dei periodiske økonomirapportane skal ein summere opp den økonomiske stoda og risiko for avvik for året totalt sett, samt om produksjonen har vore slik som planlagd i budsjettet og korleis ein ligg an i forhold til måla som er sette i budsjettet.

5. Dokumentasjon av prinsipp for budsjettregulering

Rutine/retningslinjer for budsjettjustering og fullmakter er oppdatert og lagt inn i kvalitetssystemet mars 2015. Denne er vedlagt.

6. Tiltak for å auka økonomikompentansen

Økonomi- og organisasjonsavdelinga held årleg kurs for leiarar og økonomimedarbeidarar i fylkeskommunen. Kursa gjeld rekneskapsføring generelt, og føring av lønskostnader spesielt.

Fylkesrådmannen har sett i gang prosjektet «Førebudd på framtida» der kartlegging av kompetanse er ein av faktorane. Fylkesdirektør økonomi og organisasjon viser i denne samanhengen til arbeidet i dette prosjektet.

7. Handlingsplan

Handlingsplanen vart som nemnt sendt inn rett etter fylkestinget sitt vedtak. Dette notatet er oppfølging av kontrollutvalet sitt ønske i møte 16. februar med skriftleg melding om status for oppfølginga.


Vedlegg
Eksempel på tertialrapport
Rutine/retningslinjer for budsjettjustering og fullmakter

Avdeling:

Kultur og idrett**Økonomirapport pr. april 2015**

Dato:

4. mai 2015

PROGNOSE**MOMENT OG KOMMENTARAR IFT AVDELINGSPROGNOSE**

KOSTNADAR
Moglege innsparingar adm. grunna vakans stilling Innkjøp høgare enn årsprognosen, men reknar med balanse til slutt i året. Tilskot vert utbetalt etter pol.vedtak, og fordeler seg difor ujamnt gjennom året, men ventar ballanse til slutt i året
INNTEKTER
Inntektsnivået er venta som budsjettert, men har vist seg å verte større enn budsjettert dei siste åra (spelemlidar) Eit lite negativt budsjettavvik på refusjonar p.g.a at overføring frå stat/andre ikkje kjem periodisk.
KOMMENTARFELT PROGNOSE:
Prognose pr april noko usikker, kjem attende med sikrere prognose pr juni. Positive og negative avvik på kostnads- og inntektssida; naturleg samanheng med at større tilskot/kostnader og inntekter ikkje fell saman i tid. Forventar noko mindreforbruk kostnader/løn i 2015.


MÅLOPPNÅING

Budsjettmål 2015	Tiltak/ Indikatorar	Pr April	Prognose 2015
1 Verksam kulturplan	God og tilgjengeleg kulturplan.	Ok, godt i gang.	Ja, vil oppnå måla.
	Særstrategiar ism handlingsprogram	Ok, godt i gang.	Ja, vil oppnå måla.
	Dialogmøter	Ok, godt i gang.	Ja, vil oppnå måla.
	Tilføre eksterne resursar til sektoren	Ok, godt i gang.	Ja, vil oppnå måla.
2 Verkemiddel og støtteordningar	Effektiv sakshandsaming	Ok, godt i gang.	Ja, vil oppnå måla.
	Betre prioritering av ressursar	Ok, godt i gang.	Ja, vil oppnå måla.
3 Samarbeid med kommunane	Div. tiltak for betra samhandling	Ok, godt i gang.	Ja, vil oppnå måla.
4 Internasjonalt arbeid	Div. tiltak for betra samhandling	Ok, godt i gang.	Ja, vil oppnå måla.
5 Kontakt med kulturliv og FoU	Div. tiltak for betra samhandling	Ok, godt i gang.	Ja, vil oppnå måla.
KOMMENTARFELT BUDSJETTMÅL:			
Stort fokus på formulerte budsjettmål. Pr. april er det god prognose for å oppnå måla. Meir sikkerheit rundt dette ved neste rapportering.			

RISIKOVURDERING**Kultur og idrett**

FAKTORAR/ HENDINGAR	SANNSYNLIGHET	ØKONOMISK KONSEKVENNS
1 Kostnadsside/ Inntektsside	Moderat	Mindre budsjettavvik
2 Personalsituasjon	Liten	Vakans/ Pos. Budsjettavvik
3 Søkningar/ Utbetaling av tilskot	Liten	Ingen avvik
4 Regional kulturplan	Moderat	Mindre budsjettavvik
5		

NTO FORBRUK KOSTRAFUNKSJON 420 / 2015 vs. 2014



MERKNAD FORBRUK 420 ADM:

Reelt sett lågare forbruk/ færre ressursar på administrasjon (kf. 420).
I tillegg kan ein moglegvis få noko lågare forbruk ved ei rekneskapsomlegging.
Ikkje stort fokus på avd sitt rekneskap på funksjonen tidligare. Von om noko red i 2015.

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Budsjettjustering og fullmakter		
	Dokumenttype: Gjennomførnde	Godkjend av: Fylkesdirektør økonomi	Gjeld frå: 20.03.2015
Utarbeidd av: Budsjettseksjonen	Godkjend dato: 20.03.2015	Revidert dato:	Arkivsak:

Bakgrunn/formål

Det er viktig at alle som har budsjettansvar har kjennskap til kva tid det er aktuelt med budsjettjustering, kva for prinsipp som ligg til grunn og kva dei har fullmakt til å gjere av budsjettjusteringar.

For at budsjettet skal vere eit godt styringsverktøy er det nødvendig at budsjettet er oppdatert og mest mogleg korrekt i forhold til planlagt aktivitet. Det er likevel ikkje noko mål å tilpasse budsjettet for eit kvart avvik, slik at budsjett og rekneskap er identiske ved slutten av året. Det vil alltid kunne oppstå avvik mellom overslaga ein gjorde ved utarbeidinga av budsjettet og det rekneskapen faktisk viser. Det som er viktig er at alle som har budsjettansvar følgjer med på om det er avvik mellom budsjett og rekneskap gjennom året. Dersom det er avvik må ein foreta ei risikovurdering på om det er sannsynleg at det vil vere eit avvik ved rekneskapsavslutning og kva som vert konsekvensane av dette. Ut frå denne risikovurderinga skal dei som har fullmakt til det vurdere behov for budsjettjustering.

Fullmakter ved budsjettjustering

Dei overordna prinsipp for fullmakter ved budsjettjustering kjem fram av fullmaktsreglement for Hordaland fylkeskommune og delegasjonsreglement for økonomiske saker. Fylkesdirektør økonomi vil med dette utdjupe dei prinsipp som ligg til grunn.

Fylkestinget

Budsjettjusteringar som fører til auke eller reduksjon i nettoramma til ein sektor, med unntak av endringar som har delegert fullmakt (til dømes fordeling av lønsavsetning som er av teknisk karakter), skal leggst fram for fylkestinget.

Saker/forhold som endrar grunnleggande hovudtrekk i budsjettet og/eller saker som er av prinsipiell karakter skal leggst fram for fylkestinget, sjølv om det ikkje endrar nettoramma til avdelinga. Det vil seie at delegerte fullmakter skal ikkje nyttast til å endre budsjettet i strid med prioriteringar eller føresetnader frå fylkestinget eller binde opp framtidige budsjett.

Fylkesutvalet

Fylkesutvalet har fullmakt til å detaljere budsjettet og vedta endringar innanfor rammene som er vedtekne av fylkestinget, samt disponere tilleggslyvingskonto.

Faste utval

Faste utval kan disponere eventuelle tilleggslyvingskonti.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å foreta budsjettjusteringar av meir teknisk karakter som til dømes fordeling av lønsavsetning.

Fylkesrådmannen har og fullmakt til å gjere mindre budsjettendringar som ikkje er prinsipielle. Denne fullmakta har fylkesrådmannen delegert vidare til fylkesdirektørane. Det vil seie at fylkesdirektørane innanfor sine budsjettområde har fullmakt til å vedta mindre budsjettjusteringar som ikkje er prinsipielle.

Vidare har leiarar for organisasjonsstadar, som ligg under fylkesdirektørane, fullmakt til å gjere mindre budsjettendringar som ikkje er prinsipielle innanfor eigen organisasjonsstad. Leiaren for den einskilde organisasjonsstaden har ansvaret for at meirinntekter, som til dømes statstilskot, vert registrerte i budsjettet. Slike budsjettendringar kan gjerast administrativt så framtdisponeringa av inntektene er gitt.

	Budsjettjustering og fullmakter		
	Dokumenttype: Gjennomførande	Godkjend av: Fylkesdirektør økonomi	Gjeld frå: 20.03.2015
Utarbeidd av: Budsjettseksjonen	Godkjend dato: 20.03.2015	Revidert dato:	Arkivsak:

Kva tid er det aktuelt med budsjettjustering?

Vedtatt budsjett av fylkestinget er bindande på netto utgiftsramme og ingen avdelingar/einingar skal disponere meir enn tildelt ramme. Dersom ein ligg an til overskridingar skal den som har budsjettansvar straks sette i verk tiltak som fører til innsparing eller omdisponering innanfor tildelt nettoramme.

Gjennom året vil det likevel kunne oppstå uføresette forhold eller avvik som:

- Produksjonen ikkje kunne gjennomførast etter planen
 - o Døme 1: at vegprosjekt stoppar opp på grunn av at reguleringsplanarbeidet ikkje følgjer framdriftsplanen
 - o Døme 2: færre elevar enn føresett søkjer/byrjar på vidaregåande skular om hausten og linjer/klasser må leggest ned.
- Ressursbruk avvik frå planen som var utgangspunktet for budsjettet;
 - o Døme 1: flaum og/eller mykje snøfall gjennom året gjer at ein brukar meir på drift av fylkesvegane enn budsjettert og at det er lite handlefridom på grunn av at det meste av kostnadane er bundne opp i driftsavtalar og avtalte standardar – samt at konsekvensane for samfunnet vert store om ikkje ein klarar å halde fylkesvegane opne.
 - o Døme 2: det vert fleire elevar til hausten enn føresett på vidaregåande skular, så ein må auke talet på klassar.
- Svikt i inntekter:
 - o Skatteinntektene vert lågare enn budsjettert
 - o Billettinntektene innanfor kollektivtransport vert lågare enn prognosen som vart lagt til grunn i budsjettarbeidet.

Svikt i inntekter eller auke i utgiftspostar skal meldast til næraste overordna. Dette gjeld når avvika er av eit slikt omfang at det ikkje er råd å gjennomføre planlagt aktivitet/tenesteproduksjon utan å overskride nettoramma. Meldinga vil gå den normale tenestevegen til det nivået som har kompetanse til å endre budsjettet eller godkjenne endringar i tenesteproduksjonen.

Budsjettjusteringar skal vurderast i samband med tertialrapportane.

Hovudrapportering på avvik i forhold til budsjett skal gjerast i samband med 1. og 2. tertialrapport, som vert lagde fram for fylkestinget i juni og oktober. Om det er behov for å gjere budsjettendringar av prinsipiell karakter, og/eller på grunn av svikt i inntekter eller auka kostnadar, skal fylkesrådmannen kome med forslag til budsjettjusteringar i tertialrapportane. I rapportane skal det framgå risiko for avvik totalt for året, kva tiltak ein kan sette i verk for å lukke avvik og konsekvensane om tiltaka vert gjennomført.

Kva tid det skal gjennomførast budsjettjustering må vurderast i høve til:

- Om risikoen for avvik er stor ved slutten av året og om konsekvensane er store dersom ein ikkje retta opp avviket. Er både risiko for avvik og konsekvensen stor talar dette for å gjere budsjettjusteringar.
- Om det finst alternative tiltak å sette i verk for å fordele om på midlar - og om det er realistisk å klare å få gjennomført og få effekt av tiltaka før året er omme.
- Den totale økonomiske situasjonen til fylkeskommunen.

Tertialrapportane, inkl. eventuelle forslag til budsjettjusteringar, vert lagt fram for fylkesutvalet og deretter fylkestinget.

I tillegg til tertialrapportane vert det lagt fram ei enklare økonomirapportering til fylkesutvalet etter rekneskap pr. februar, pr. juni og pr. oktober. Innanfor dei fullmaktene, som gjeld for

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Budsjettjustering og fullmakter		
	Dokumenttype: Gjennomførnde	Godkjend av: Fylkesdirektør økonomi	Gjeld frå: 20.03.2015
Utarbeidd av: Budsjettseksjonen	Godkjend dato: 20.03.2015	Revidert dato:	Arkivsak:

fylkesutvalet, kan fylkesrådmannen i disse sakene ved behov kome med forslag til budsjettjusteringar.

Vert det lagt fram politiske saker gjennom året, som har konsekvensar for budsjettet, skal det politiske organet i same sak vedta nødvendige budsjettjusteringar.

Melding / registrering

Vedtak om budsjettendringar gjort av fylkestinget, fylkesutvalet eller i delegert sak til fylkesrådmannen/fylkesdirektør økonomi vert registrert av fylkeskassen på grunnlag av møtebøkene. Sakshandsamar skal ikkje sende melding til fylkeskassen om desse endringane.

Vedtak om budsjettendringar som vert gjort av andre politiske organ eller etter delegert fullmakt, må meldast til fylkeskassen i brev eller på budsjettendringsskjema.

Formelle krav

Budsjettendringane må alltid balansere (sum debet = sum kredit).

Den som signerer melding om budsjettendring må sjå til at endringa har heimel i delegasjonsreglementet.

Leiar for kvar driftseining har ansvar for at det vert etablert rutinar for dokumentasjon, oppbevaring og kontroll av budsjettendringar.

Administrative fullmakter i samband med fylkesvegprosjekt

I tillegg til dei generelle fullmaktene som er tatt med ovanfor har fylkestinget i sak 48/13 vedteke følgjande:

«

Fylkesrådmannen får følgjande fullmakter til å gjere justeringar på vegbudsjettet:

- *Fylkesrådmannen får fullmakt til å omdisponera mellom prosjekt innanfor dei enkelte programområda slik dei går fram av plan- og byggeprogrammet.*
- *Fylkesrådmannen får fullmakt til å disponera avsett sum til rebudsjettering på investeringsbudsjettet for fylkesvegane.*

«

Bakgrunn og forklaring

Ny ordning for budsjettering av investeringar inneber at også investeringar skal budsjetterast eittårig og dette medfører behov for hyppigare budsjettendringar gjennom året. Målsetjinga med ordninga er at dei budsjetterte midlane skal nyttast det året løyvinga er gitt.

Den store mengda av prosjekt er innanfor dei såkalla programområda – sekkepostane. Fordeling av budsjettsummen for kvart programområde vert gjort av fylkestinget i eiga sak.

Programområda har pr. i dag følgjande inndeling:

- Kollektivtiltak
- Trafikksikringstiltak
- Gang- og sykkeltiltak
- Miljøtiltak
- Planlegging

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Budsjettjustering og fullmakter		
	Dokumenttype: Gjennomførnde	Godkjend av: Fylkesdirektør økonomi	Gjeld frå: 20.03.2015
Utarbeidd av: Budsjettseksjonen	Godkjend dato: 20.03.2015	Revidert dato:	Arkivsak:

For å sikre mest mogleg rasjonell drift har fylkesrådmannen no fullmakt til å omdisponere midlar mellom prosjekta innanfor kvart programområde. Om eit prosjekt skulle stoppe opp, kan ein raskt kunne omdisponere ledige midlar til andre prosjekt som har behov for meir midlar det aktuelle året, eller eventuelt til prosjekt der det kan vere mogleg å forsere framdrifta.

Fullmakta til fylkesrådmannen omfattar ikkje endringar mellom programområda. Dersom det skal gjerast budsjettendringar mellom t.d. kollektivtiltak og gang- og sykkeltiltak, skal dette handsamast på vanleg måte og avgjerd takast av fylkestinget.

Rebudsjettering

Sum til rebudsjettering på investeringsbudsjett for fylkesvegane (10 mill. kr både i 2014 og 2015) skal nyttast til å avslutta prosjekt med meirforbruk – i dei tilfelle der omdisponering innanfor programområda ikkje er tilstrekkeleg, jf. ovanfor – og ved avslutting av prosjekt utanom programområda.

Siktemålet med fullmaktene å unngå at fylkestinget må ta stilling til ei rekkje budsjettendringar av mindre prosjekt.



Notat

Dato: 10.06.2015
Arkivsak: 2014/10537-13
Saksbehandlar: oddmell

Til: Kontrollutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Tilskotsforvaltninga på kulturfeltet - tilbakemelding status på dei 7 tiltaka i Handlingsplan

Viser til RS 68/14 Handlingsplan – Tilskotsforvaltninga på kulturfeltet, behandla i møte i Kontrollutvalet den 03.11.2014 der det vart gjort følgjande vedtak:

«Kontrollutvalet ser positivt på at det vert jobba godt med mange av dei 7 tiltaka som vart vedteke av fylkestinget 11.6.14 etter revisjonsrapport innan «Tilskotsforvaltninga på kulturfeltet». På bakgrunn av at det framleis er ein del arbeid som gjenstår før alle tiltaka er gjennomført, ber kontrollutvalet om ny status i form av skriftleg tilbakemelding innan 30.06.2015. Utvalet ber om at denne tilbakemeldinga vert gjeve punktvis som svar på kvart av dei 7 punkta i fylkestingsvedtaket.»

Fylkesrådmannen har følgjande merknader om status og tiltak knytt til dei enkelte tilrådingane:

1. *Utforme tydelegare føremål med tilskotsordningane som reflekterer korleis den enkelte ordninga skal bidra til å nå fylkeskommunale mål og strategiar på kulturområdet.*

Tiltak:

- *Samla gjennomgang av tilskotsforvaltninga*
- *Revisjon av retningslinjer*
- *Gjennomgang av rettsreglar og retningslinjer*

Status:

Kultur- og idrettsavdelinga har starta arbeidet med samla gjennomgang av tilskotsforvaltninga, der reviderte retningslinjer og rettsreglar vert gått gjennom. Resultatet av arbeidet vil bli lagt fram som sak til politisk behandling i løpet av hausten 2015.

2. *Sikre at tilskot som blir tildelt over budsjettposten "til rådvelde" blir tildelt i samsvar med krav i forvaltningslova og sentrale forvaltningsrettslege prinsipp.*

Status:

Kultur- og ressursutvalet vedtok i sak 13/2015 i møte 22/01 2015 prosessane for behandling av søknader under *Til rådvelde*-budsjettposten. Tilskot gjennom budsjettposten vert kalla *Opne søknadar* og er no lagt ut

og kunngjort på Hfk sine heimesider, og der det vert opplyst om prosessane og føringane for behandlinga av desse søknadene.

Fylkesrådmannen vil her vurdere evt. endringar i samband med den samla gjennomgangen av tilskotsforvaltninga på Kultur- og idrettsavdelinga.

3. Sikre at sakshandsaminga i samband med kulturtilskot er i samsvar med krav i forvaltningslova, herunder:
- Sikrar at det blir sendt førebels svar jf. § 11 a, 3. ledd.
 - Sikrar at vedtak er tilstrekkeleg grunngjeve, og at grunngjeving for vedtak er dokumentert, jf. § 24, § 25 og § 27.
 - Sikrar at informasjon om klageåtgang er korrekt jf. § 27.
 - Sikrar at det blir tatt kontakt med søkjar dersom det blir vurdert som aktuelt å vurdere ein søknad innanfor ei anna tilskotsordning enn den det er søkt om, jf. § 11.

Tiltak:

- Lokale retningslinjer /malar
- Gjennomgang av rettsreglar og retningslinjer
- Nærare oppfølging av avdelinga

Status:

Det er utarbeidd lokale retningslinjer/malar i Hfk sitt kvalitetssystem, alle saksbehandlarane og tilsette i stab som arbeider med tilskot hadde hausten 2014 to samlingar med gjennomgang av rettsreglar og retningslinjer, og kvar saksbehandlar er knytt opp til namngjeven person i stab for nærare oppfølging og kvalitetssikring av tilskotsforvaltninga.

4. Sikre at dokument som er ledd i sakshandsaminga blir arkivert i samsvar med fylkeskommunen sine eigne retningslinjer og § 3-18 1. ledd i forskrift om offentleg arkiv, og at inn- og utgåande dokument som er gjenstand for sakshandsaming blir journalført, jf. § 2-6 i forskrift om offentleg arkiv.

Tiltak:

- Opplæring av sakshandsamarar og støttepersonell
- Oppfølging av avdelinga

Status:

I samband med innføring av nytt dokumentbehandlingssystem (Ephorte) vart fem merkantilt tilsette peika ut som superbrukarar til hjelp og opplæring for heile avdelinga. Alle saksbehandlarar har fått tilbod om kurs/opplæring, og vert følgd tett opp av superbrukarane.

Det er varsla nytt elektronisk søknadsprogram til hausten som vert knytt opp til Ephorte. Dette skal sikre betre kvalitet i dokumentbehandlinga, særleg når det gjeld vedlegg til elektronisk søknad.

Avdelinga har kontinuerleg fokus på at handsaminga er i samsvar med gjeldande rett og fylkeskommunale retningslinjer, og seksjonsleiarane har eit særleg ansvar for eiga tilskotsforvaltning.

5. Etablere rutinar for oppfølging av rapportering frå tilskotsmottakarar.

Tiltak:

- Samla gjennomgang av tilskotsfeltet
- Utforming av retningslinjer
- Opplæring av sakshandsamarar og støttepersonell
- Oppfølging av avdelinga

Status:

Etablering av rutinar og retningsliner for oppfølging av rapportering vert arbeid med i samband med den samla gjennomgangen av tilskotsfeltet.

Avdelinga vil vurdere bruk av elektronisk rapportering i samband med nytt elektronisk søknadsprogram. Dette vil gje betre kvalitet i dokumentbehandling og saksbehandling.

6. *Etablere system og rutinar for samarbeidet mellom kultur- og idrettsavdelinga og regionalavdelinga når det gjeld tildeling av tilskot, samt etablere system som gjev oversikt over ulike tildelingar av tilskot og økonomisk støtte frå fylkeskommunen.*

Tiltak:

- *Samarbeidsforum mellom avdelingane*
- *Faste møter mellom direktørane*
- *Deltaking på/etablering av felles arenaer mot eksterne aktørar/tilskotsmottakarar*
- *Involvering i høve regionalt næringsforum og partnerskapet som møtest der*
- *Notat til fylkesrådmannen om tilhøvet mellom avdelingane, med fokus på samhandling i tilskotsforvaltning og utviklingsarbeid*

Status:

Det har vore gjennomført innleiande møte på direktørnivå om dette, og det er etablert ei arbeidsgruppe samansett av Kultur- og idrettsavdelinga og dei andre avdelingane som har arbeid med å få på plass eit felles søknadsprogram for Hfk.

7. *Etablere eit system for jamlege evalueringar av dei ulike tilskotsordningane for å sikre at dei blir nytta i samsvar med føremålet.*

Tiltak:

- *Samla gjennomgang av tilskotsfeltet*
- *Utforming av retningsliner/malar*
- *Gjennomgang av rettsreglar og retningsliner*
- *Oppfølging av avdelinga*

Status:

Ein ser det naturleg at ein etter ein samla gjennomgang av tilskotsfeltet utarbeider eit system for jamlege evaluering av dei ulike tilskotsordningane.

Notat

Dato: 24.06.2015
Arkivsak: 2014/24765-4
Saksbehandlar: fromann

Til: Kontrollutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Ny status for oppfølging av forvaltningsrevisjon av personalforvaltninga i HFK

Det vert vist til notat frå fylkesrådmannen av 29.01.15 i denne saka, og partsbrev av 19.02.2015 der Kontrollutvalet ønskjer ny skriftleg status for oppfølging av forvaltningsrevisjon av personalforvaltninga i HFK, jf. referatsak RS 6/15.

Vedlagt følgjer ajourført handlingsplan for denne oppfølginga, med status for tiltaka pr. 24.06.2015.

Fylkesrådmannen vil leggje til at det har gått noko tid sidan forvaltningsrevisjonen vart gjennomført i 2012/2013. Dei fleste tiltaka som vart sett opp i 2013 er gjennomført. Samstundes er det sett i verk nye prosessar som gjer at nokre av tiltaka må sjåast i eit nytt lys. Til dømes har programmet «Førebudd for framtida» tatt over for den kvalitetsbetringsprosessen ein såg føre seg i 2013, jf. tiltak nr. 19.

Av dei 45 tiltaka er det no berre fire som er merkte som aktuelle for vidare oppfølging av denne handlingsplanen. Ein tar sikte på at desse vert gjennomført i andre halvår 2015/første halvår 2016.

Vedlegg:

Handlingsplan vedr. tilrådingar i revisjonsrapporten «Personalforvaltning i Hordaland fylkeskommune», med status pr. 24.06.15.

Handlingsplan vedr. tilrådingar i revisjonsrapporten «Personalforvaltning i Hordaland fylkeskommune», Deloitte 2013.

Planen er en oppfølging av vedtak i Fylkestinget av 11.06.13, sak 20/13, og bygger på handlingsplanane for dei sju arbeidsgruppene som er presentert i dokumentet «Kontinuerleg forbetring – Handlingsplan Personalforvaltning», datert 13. september 2013. Jf. melding til Administrasjonsutvalet 05.11.2014.

Arbeidsgruppe	Nr	Tiltak med status	Ansvar	Når	Tilr. nr.	Status pr. 24. juni 2015
1. Prosessforbetring av rutinar og prosedyrar	1	Oppdatere prosedyre om vanskelege personalsaker og formell irettesetting	Pers.dir	01.10.13	12	Utført. Godkjent og implementert 01.01.14
	2	Oppdatere rutine for konflikthandtering	Pers.dir	01.11.13	1	Utført. Godkjent og implementert 10.03.14
	3	Oppdatere rutine for oppfølging av sjukmelde	Pers.dir	06.09.13	1	Utført. Godkjent og implementert 16.07.14
	4	Oppdatere prosedyre for handtering av overtalsaker	Pers.dir.	01.11.13	8	Utført. Godkjent, vert gjeldande frå 01.12.14
	5	Oppdatere reglement for tilsetjing	Pers.dir.	01.02.14	1, 6	Delvis utført. Utkast ligg føre, ein tek sikte på ferdig handsaming innan 31.12.15
	6	Oppdatere reglement og rutine for reise	Pers.dir.	01.02.14	1	Utført: Nytt reglement for reise er utarbeidd og godkjend av admin.utvalet. Reglementet vil verte noko justert før det vert lagt fram for Fylkesutvalet 3.kv.2015.
	7	Nye arbeidsprosessar (flytskjema) kring personaloppgåver og –ansvar	Pers.dir.	31.12.13	1, 2	I prosess, jf. Forvaltningsrevisjon skuleeigar/skule og programmet «Førebudd på framtida».
	8	Rammeavtale om innleige av vikarar	Pers.dir., Innkjøpssjef	01.06.14	14	Utført. Godkjent og implementert 01.08.14
	9	Prosedyre for innleige av vikarar	Pers.dir.	01.06.14	14	Utført. Publisert i kvalitetssystemet 29.01.15
	10	Implementering og leiaropplæring	Org.dir.	31.12.14	5	Utført. To storsamlingar gjennomført for 225 leiarar i 2014. Ca 75 leiarar har ikkje deltatt.
	11	Erfaringsutveksling om prosessforbetringane	Org.dir.	31.12.14	2, 6	Utført
2. a) Gevinstrealisering Personalportalen	12	Rapport med framlegg til nye tiltak for gevinstrealisering	Org.dir.	01.10.13	3	Utført. Leverert fylkesdirektør org. 11.04.14
	13	Elektronisk registrering av sensorhonorar	Pers.dir	01.05.14	3	Utsett i påvente av integrasjon med nytt skoleadministrativt system som kjem i 2016.
	14	Registrering av tenestetid og ansiennitet i Personalportalen	Pers.dir	01.06.14	3, 9	Delvis utført. Systemet er klargjort for registrering. Står att: Informasjon til einingane og lokal gjennomføring av registreringsarbeidet, vert lagt til andre halvår 2015.

Arbeidsgruppe	Nr	Tiltak med status	Ansvar	Når	Tilr. nr.	Status pr. 24. juni 2015
	15	Følgje opp brukarane sine tilbake-meldingar og leggje det til grunn for forbetringar	Pers.dir	31.12.13	3	Utført. Samling for superbrukarar og tilretteleggjarar gjennomført oktober 2013 og oktober 2014.
	16	Introduksjonsdag for nyttilsette med kort opplæring i Personalportalen	Org.dir	02.09.13	3	Utført fire gonger: januar og sept. 2013, januar 2014 og januar 2015.
	17	Opplæring i Personalportalen for (nye) leiarar	Pers.dir	17.09.13	3	Utført. Eigne kurs i 2013. Inngår i leiaropplæring 2014.
	18	Intensivere bruken av Personalportalen som informasjonskanal	Org.dir	31.12.13	3	Utført, skjer kontinuerleg
2. b) Gevinstrealisering Kvalitetssystemet	19	Innføring av Kontinuerleg forbetring som arbeidsmetodikk.	Org.dir	31.12.13	3	Ikkje lenger aktuelt. Tiltaket erstatta av programmet «Førebudd på framtida».
	20	Opplæring for leiarar og superbrukarar	Org.dir.	01.06.14	3, 5	Utført. Oppretta Kvalitetsforum for superbrukarar, med jamlege møte. Tema i leiaropplæring 2014.
	21	Kvalitetssystemet oppdatert med styrande dokumentasjon og gjeldande retningslinjer	Org.dir	31.12.14	3	Iverksett, kontinuerleg prosess.
	22	Kvalitetssystemet i aktiv bruk i alle einingar	Org.dir	31.12.14	3, 5	Pågåande prosess, vert følgt opp i linja.
	23	Sjekkpunkt for nyttilsette sin rett til sjukeløn	Pers.dir.	01.11.13	3	Utført. Tatt inn som eige punkt i rutine for oppfølging av sjukmelde, informert i leiaropplæring
	24	Definere gevinstpotensialet i Kvalitetssystemet og sjå til at dette vert implementert gjennom Kvalitetsforum	Org.dir	31.12.14	3, 5	Delvis utført. Kvalitetsforum i drift sidan sept. 2013.. Tidlegare system med leiar- og personalhandbøker er avvikla frå 1.11.2014, innsparing ca kr 280.000 årleg. Kvalitetssystemet skal ut på anbod for ny kontrakt innan 31.12.15. Ny gevinstrealiseringsplan må utformast i samband med anskaffinga.
3. Auke bruken av medarbeidar-samtalar	25	Revisjon av opplegg for medarbeidarsamtale	Pers.dir.	31.12.13	4, 11	Utført og implementert i Personalportalen februar 2014.
	26	Plan for leiaropplæring i oppdatert opplegg for medarbeidarsamtal.	Pers.dir	01.01.14	4, 11	Utført.
	27	Leiaropplæring gjennomført	Pers.dir	30.06.14	4, 11	Utført. Leiaropplæring gitt i storsamlingane 2014 (halvdagskurs) samt i kortare bolkar i opplæring for nye leiarar.
	28	Oppfølging i årleg eigenkontroll	Org.dir.	01.03.14	4, 11	Utført. Oppfølgingsplan lagt fram for HAMU 23.05.14.
4. Samhandling med arbeidstakar-	29	Utarbeide rutine for samhandling mellom arbeidsgjevar og tillitsvalde lokalt	Pers.dir	31.12.13	2	Utført.

Arbeidsgruppe	Nr	Tiltak med status	Ansvar	Når	Tilr. nr.	Status pr. 24. juni 2015
organisa- sjonane	30	Implementere rutine for samhandling mellom arbeidsgjevar og tillitsvalde lokalt	Pers.dir.	31.12.14	2	I prosess. Ny struktur på informasjons- og drøftingsmøte iverksett 2015. Samhandlinga vert kontinuerleg vurdert i tråd med endringar av fullmakter og av organisasjonsstruktur i fylkesadm.
	31	Utforme og implementere personalansvaret kring regionleiarane i Opplæringsavdelinga	Pers.dir., Opplær.dir.	31.12.13	2	I prosess. Fullmaksreglement er revidert. Fylkesdirektørane skal avklare fullmaktar i sine avdelingar og samarbeid mellom stab og line. Jfr. forvaltningsrevisjon skuleeigar/skule og programmet «Førebudd på framtida».
	32	Strukturera samhandlinga kring utforming av felles lønspolitikk i forkant av neste lønsforhandling.	Pers.dir.	30.06.14	2	Utført
	33	Følgje opp leiarane på involvering av tillitsvalde i rekrutteringsprosessar og handtering av overtal.	Fylkesrådm.	30.06.14	6	Utført, tema i leiarsamlingane 2014
	34	Ta opp att kvartalsvise uformelle samtalar mellom fylkesrådmannen og dei 4 hovudsamanslutningane.	Fylkesrådm.	03.09.13	2	Utført.
	5. Redusere bruken av ufrivillig deltid	35	Kartlegging av uønska deltid i HFK	Pers.dir	01.09.13	7, 13
36		Arbeidsgruppe vert nedsett	Pers.dir	01.12.13	7, 13	Utført
37		Framlegg til tiltak frå arb.gruppe	Pers.dir	01.03.14	7, 13	Utført
38		Rutinar for intern utlysing og kombineringsstillingar på tvers av einingane skal vere utarbeidd og implementert	Pers.dir	30.06.14	7, 13	Utført: Rutine for førerrett ved utviding av stilling lagt ut i Kvalitetsportalen.
39		Deltidsproblematikk må inn som tema i medarbeidarsamtalen	Pers.dir	01.01.14	7, 13	Utført
40		Ny kartlegging av uønska deltid i HFK	Pers.dir	31.12.14	7, 13	Utsett til 1. halvår 2016, slik at ny rutine kan få tid til å verke før ny kartlegging. Tal deltidstilsette allereie gått ned frå 1884 i 2012 til 1412 i 2014, jf. årsmelding.
6. Klargjering av personal- fullmaktar	41	Ny fullmaktstruktur på personalfeltet	Org.dir	31.12.13	2, 12	Utført
	42	Opplæring i og implementering av personalreglement og leiaransvaret kring personalforvaltning	Org.dir	31.12.14	2, 5, 12	Utført, tema i leiaropplæring 2014

Arbeidsgruppe	Nr	Tiltak med status	Ansvar	Når	Tilr. nr.	Status pr. 24. juni 2015
7. Personal- leiing for leiarar – informasjon og opplæring	43	Alle tiltaka kring leiaropplæring og -informasjon skal samlast i ein plan «Personalleiing for leiarar»	Org.dir	31.12.13	5	Utført, i form av leiarsamlingar og leiarkurs 2014 og 2015. Sjå tiltak nr. 10.
	44	Leiaropplæring skal omfatte oppfølging i prøvetida, arbeidsmiljølova og førerett	Org.dir	31.12.13	7, 10	Utført, ref. tiltak nr. 10.
	45	Innføre månedlege informasjonsskriv frå Organisasjonsavdelinga («Leiarnytt»)	Org.dir	31.12.13	5	Utført. Åtte utgåver av «Leiarnytt» i 2014, seks utgåver pr. juni 2015.

Notat

 Dato: 29.05.2015
 Arkivsak: 2014/1527-21
 Saksbehandlar: hanrun

Til:	Fylkesutvalet
Frå:	Fylkesrådmannen

Større saker til politisk behandling våren 2015 - pr juni

Tabellen under viser saker som administrasjonen arbeider med og som det er planen å leggja fram for politisk behandling i løpet av halvåret. Oversikten vert ajourført til kvart møte i fylkesutvalet, slik at saker som er ferdig behandla vert tatt ut av lista og nye kan koma til. For nokre saker er det så langt ikkje fastsett dato for når dei kjem til behandling.

Saker	Kultur- og ressurs-utvalet	Opplærings- og helse-utvalet	Samferdsels-utvalet	Fylkesutvalet	Fylkestinget	Sist endra	Merknader
Organisasjonsavdelinga							
Løypemelding – Førebudd på framtida				18.06.			Adm.utval 17.06.
Årsmelding 2014					9.-10.06.		
Økonomiavdelinga							
Rekneskap 2014				19.05.	9.-10.06.		
Tertialrapport 1. tertial 2015				19.05	9.-10.06.		
Finansrapport 1.tertial 2015				19.05.	9.-10.06.		
Nye Voss gymnas - forprosjekt		12.05.		19.05.	9.-10.06		
Opplæringsavdelinga							
Organisering av Vaksenopplæringa		12.05.		19.05			
Disponering av fellesfond		12.05.		19.05.			
Skulebygg som pedagogisk arkitektur		18.08.		27.08.			
Oppfølging Skulebruksplanen		02.06.		18.06.			
Lærlingplan og lærlingprognose		12.05.		19.05.	9.-10.06.		
Utdanningsprogramma ST, MK og KDA – dimensjonering og struktur		10.11		18.11.	08.12		

Saker	Kultur- og ressurs-utvalet	Opplærings- og helse-utvalet	Samferdsels-utvalet	Fylkes-utvalet	Fylkes-tinget	Sist endra	Merknader
Regionalavdelinga							
Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger – vedtak om høyring				19.05.		29.05.15	
Regional areal- og transportplan for Bergensområdet – vedtak om høyring	02.06.	02.06.	03.06.	18.06.		15.01.15	
Mulighetsstudiet på Hjeltnes		10.11.15		18-19.11.15	8.-9.12.15	30.04.15	
Sluttrapport LUK				29.10.			
Referatsak: Inspirasjonskonferansane				18.06.			
Forvaltningsplan for vatn – Vassregion Hordaland med tiltaksprogram – endeleg vedtak	12.11.15			18.-19.11.15	8.-9.12.15	24.04.15	
Referatsak: Leverandørindustriens framtid; status og moglegheiter				19.05			
Medfinansiering av forskningsprosjekt Vestlandet – fremarbeiding av datagrunnlag bærekraftig cruiseutvikling				19.05.			
Regional plan for areal- og transport på Haugalandet				19.05	09.06	29.05	
Kommunedelplan E39 – Stord-Os, planprogram	02.06		03.06.	18.06		29.05.	
Kommunedelplan E134 - Etne	02.06					29.05	
Vidareføring av Næringsbarometeret				18.06.		29.05	
Søknad om 132kV-kraftleidning Dalsbornfjellet-Frøyset - fråsegn	02.06			18.06.		29.05	
Biosfære Nordhordland	02.06			18.06		29.05	
Tilskot til viltformål	02.06.					29.05	
Støldalselva kraftverk AS – Søknad om auka slukeevne i Støldalselva kraftverk i Jondal kommune				18.06		29.05	
Tysso kraftverk AS – Søknad om løyve til Tysso kraftverk i Ulvik herad	20.08.			27.08.		29.05	
Høyring av søknad om konsesjon til bygging av Austdøla kraftverk i Ulvik herad	20.08.			27.08.		29.05	
Samferdselsavdelinga							
El-bil på ferjer			03.06	18.06			
NTP 2018-27 – analyse og strategifase			03.06	18.06			
RTP – utleggjing av planforslag til høyring			19.08.	27.08.			
Prinsippsak om bompenger på Sotrasambandet			09.09	24.09.	27.10		

Saker	Kultur- og ressurs-utvalet	Opplærings- og helse-utvalet	Samferdsels-utvalet	Fylkes-utvalet	Fylkes-tinget	Sist endra	Merknader
Rapport om bruberedskap			19.08.	27.08			
Rapport om samhandling innan vegområdet			30.09	29.10			
Plan og byggjeprogram for fylkesveggar			11.11.	19.11.	09.12		
Rapport om regionalt bompengeselskap			09.09.	24.09.	27.10		
Kultur- og idrettsavdelinga							
Søknad om støtte til å sikre friluftslivsområder etter vindfall	02.06.			18.06			
Nordisk verdsarvkonferanse i Bergen 22 til 24 september 2015. Søknad om tilskott. Politisk representasjon	02.06			18.06			
Driftsstønad til fylkesfemnande barne- og ungdomsorganisasjonar 2015	02.06						
Tilskot til viltføremål 2015	02.06						
Jubileumsgåve til Kunsthuset Kabuso – tilskot til flygel	02.06			18.06			
Hordaland teater – flytting til Logen	02.06			09.06			
Hardingfela.no	02.06						
Fordeling av spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet 2015	02.06						
Ulike kulturføremål – Opne søknader vår 2015	02.06						



Notat

Dato: 01.06.2015
Arkivsak: 2014/356-17
Saksbehandlar: hanrun

Til:	Fylkesutvalet
Frå:	Fylkesrådmannen

Status for spørsmål/oversendingsforslag i fylkesutvalet pr juni 2015

Frå oversikten gitt 19.05.2015

Møte-dato	Sakark.nr.	Spørsmål	Oversendt	Svar innan	Svart på
23.04.15	2015/85	El-bilar i kollektivfelt og samkjøringsfelt (Silje Hjemdal, Frp)	Fylkesrådmannen	18.06.	SAMU 03.06. FUV 18.06.
23.04.15	2015/85	Vaktberedskap i forbindelse med ras (Mona Røsvik Strømme, H)	Fylkesrådmannen	18.06.	18.06.
23.04.15	2015/85	Sviktande inntekter for bompengeselskapa i Hordaland (Inge Reidar Kallevåg, H)	Fylkesrådmannen	18.06.	18.06

Spørsmål/oversendingsforslag mai 2015

19.05.15	2014/18069	Utfordringar i leverandørindustrien i Hordaland (Sveinung Valle, A)	Fylkesrådmannen	18.06.	18.06.
19.05.15	2014/130	Trafikale problem på E39 i nordgåande retning mellom Vågsbotn og Hylkje (Nils-Olav Nøss, A)	Fylkesrådmannen/ Statens Vegvesen	27.08.	



Notat

Dato: 18.05.2015

Arkivsak: 2014/12398-6

Saksbehandlar: biraase

Til:	Administrasjonsutvalet Fylkesutvalet
Frå:	Fylkesrådmannen

Førebudd på framtida - status 2

Bakgrunn

Med bakgrunn i fylkestinget sine vedtak i årsbudsjetta for 2013 og 2014 har fylkesrådmannen etablert eit omstillingsprogram som **mellom anna** skal omfatte ein systematisk gjennomgang av alle avdelingane i fylkeskommunen.

Førre statusrapport vart gitt til administrasjonsutvalet og fylkesutvalet i mars 2015.

Programområde 1 – Strategisk utvikling

Mål for programområde 1 er:

- Gjennom «Førebudd på framtida» skal Hordaland fylkeskommune utvikle og implementere ei overordna strategi for verksemda, med tilhøyrande planar.
 - Strategien skal rette seg både mot utadretta og innadretta deler av verksemda, og ivareta formelle krav til oppgåveløysinga
 - I den utadretta delen av verksemdstrategien vil «Regional planstrategi» vere eit hovudelement
 - Strategien skal sikre at HFK har ei målretta, brukarorientert leiing og organisering når det gjeld kjerneoppgåver så vel som administrative drifts – og utviklingsoppgåver
 - Programmet skal og sikre at vedtekne endringar og forbetringar blir sett i verk og implementert

Det er sett i gang to hovudaktivitetar under dette programområdet:

1. Utarbeiding av ei verksemdstrategi for HFK

Som eit ledd i arbeidet med verksemdstrategien er det fastsett tre overordna mål for Hordaland fylkeskommune:

- HFK skal vere pådrivar for regional utvikling i Hordaland og sikre nyskaping, berekraft og gode levevilkår
- HFK skal setje viktige samfunnstema på dagsorden, fremje regionale interesser og lokaldemokrati
- I samarbeid med kommunar, næringsliv og innbyggjarar skal HFK levere effektive tenester, framtidretta infrastruktur og rett kompetanse

Kvar avdeling skal innan byrjinga av juni fastsette tre avdelingsvise mål som skal bygge opp under dei tre overordna måla for Hordaland fylkeskommune.

Fylkesrådmannen si toppleiargruppe arbeider vidare med utvikling og ferdigstilling av strategiplanen på grunnlag av dei overordna og avdelingsvise måla.

2. Førebuing til arbeidet med ein ny Regional planstrategi for perioden 2016 – 2020

Regional planstrategi er heimla i Plan – og bygningslova §7, og skal innehalde viktige regionale utviklingstrekk og utfordringar samt vurdere langsiktige utviklingsmuligheiter. Regionalavdelinga har starta førebuingane til arbeidet med ny regional planstrategi. Målet er at alle den Regionale planstrategien i prinsippet skal famne alle verksemdområde i HFK:

Følgjande framdriftsplan for førebuande tiltak blir tilrådd:

	Mai	Juni	Juli	August	September
Statusrapport om gjeldande planstrategi/ planlegging	Oppstart				Ferdig 1.september
Nasjonale forventningar til regional planlegging			Oppstart		Ferdig 1.september
Analyse av utfordringar for Hordaland (SWOT-analyse)		Oppstart			Ferdig 15.september
Folkehelsearbeid - statusrapport for Hordaland	Oppstart				Ferdig 15.september

I tillegg til desse rapportane og analysane blir det tilrådd å utarbeide eit statistikkgrunnlag som kan nyttast både av kommunar og fylkeskommunen i strategiarbeidet.

Oppstart av arbeidet med ny regional planstrategi bør skje umiddelbart etter nytt fylkesting blir konstituert i oktober 2015.

Programområde 2 – Kjerneoppgåver

Mål for programområde 2 er:

- Gjennom «Førebudd på framtida» skal Hordaland fylkeskommune kartlegge og prioritere kjerneoppgåvene i avdelingane
 - Det skal vurderast og avgjerast kva framtidige oppgåver som skal løysast og kva tenester som skal leverast
 - Oppgåver som er avdelingsovergrepande, og som bør koordinerast på tvers av einingane, skal og inngå i dette arbeidet
 - Programmet skal setje i verk og implementere vedtekne endringar og forbetringar

Oppgåvekartlegginga er godt i gang, og arbeidet med analyse av data er neste fase. med anbefalingar frå dei einskilde avdelingane er målsett til å vere ferdig i første halvdel av juni. Avdelingsrapportane vil så bli samanfatta i ein overordna rapport for Hordaland fylkeskommune, og denne blir så lagt fram for fylkesrådmannen si toppleiargruppe.

Fylkesrådmannen si toppleiargruppe vil ta ei avgjerd på korleis rapporten og arbeidet med denne skal takast vidare. Dette arbeidet vil inngå som lekk i utarbeiding av ein overordna verksemdstrategi for HFK (ref. programområde 1).

Opplæringsdirektøren er i ferd med å etablere eit prosjekt som skal ta føre seg fråfallsproblematikken innan fagopplæring, og mulege forbetningspunkt eller nye løysingar i høve dette. Ulike kompetanse- og forskingsmiljø blir no vurdert som samarbeidspartnar, og målet er oppstart av prosjektet hausten 2015.

Samferdselsavdelinga har starta eit arbeid med å sjå på ulike modellar for framtidig organisering av ansvaret for kollektivtrafikken i Hordaland.

I arbeidet med å kartlegge og vurdere dei ulike modellane har samferdselsavdelinga knytt til seg ressursar frå Urbanet Analyse, som har spesialkompetanse på strategiske analysar innanfor transportområdet med særleg vekt på bytransport og kollektivtransport.

Utgreiinga vil venteleg vere klar i starten av juni.

I tillegg blir det utarbeidd eit notat frå advokatfirmaet Thommessen om kollektivområdet og juridiske/administrative sider ved omfordeling av ansvar. Notatet er venta i slutten av mai 15.

Fylkesrådmannen har beslutta å sette ned ei arbeidsgruppe som skal evaluere dagens organisering av folkehelsearbeidet i Hordaland fylkeskommune. Arbeidet blir delt i to fasar.

I fase 1 skal gruppa gjere ei statusgjennomgang av folkehelsearbeidet i Hordaland fylkeskommune og evaluere dette etter gitte kriteriar. Fase 1 skal og innebere ei tilråding om vidare organisering av folkehelsearbeidet i Hordaland fylkeskommune.

I fase 2 skal gruppa gi ei tilråding om vidareutvikling av folkehelsearbeidet i Hordaland fylkeskommune. Rapport etter fase 1 skal leverast 30. august 2015, og rapport etter fase 2 skal leverast innan 31. desember 2015.

Som konsekvens av «Førebudd på framtida» og pågåande oppgåvegjenomgang i organisasjonen, har Regionalavdelinga sett i gong ein eigen prosess knytt til å vurdere organisering av avdelinga, med mål om å konkludere på eventuelt justert organisering innan utgangen av juni 2015.

Programområde 3 – Administrativ drift og utvikling

Mål for programområde 3 er:

- Gjennom «Førebudd på framtida» skal Hordaland fylkeskommune kartlegge og prioritere dei administrative oppgåvene innan drift og utvikling
 - Det skal vurderast og avgjerast kva oppgåver som bør ligg sentralt i økonomi- og organisasjonsavdelinga, og kva oppgåver som bør ligge i den enkelte avdeling eller eining
 - Anbefalingane skal skje i samsvar med behov eller bestillingar frå dei andre avdelingane som inngår i kjerneverksemda
 - Programmet skal setje i verk og implementere vedtekne endringar og forbetningar

Oppgåvekartlegginga er godt i gang også her, og arbeidet føregår på same måte som under Programområde 2: Kjerneoppgåver. Resultat og tilrådingar frå oppgåvegjenomgangen i Programområde 2 og 3 vil bli sett under eitt, og inngå i den same sluttrapporten til fylkesrådmannen si toppleiargruppe.

Frå 1. juni 2015 vil økonomiavdelinga og organisasjonsavdelinga bli slått saman til ei felles stabsavdeling. Føremålet er å oppnå ei meir heilskapleg merksemd på og ansvar for dei overordna felles stabsoppgåvene i Hordaland fylkeskommune, samstundes som vi legg til rette for ei forenkla og meir effektiv administrativ organisering.

Det vil bli arbeidd vidare med organisatorisk utforming av den nye avdelinga. Innanfor prosessen «Frå personal til HR» er det er no lagt fram ei skisse til ny organisering av personalområdet som inneber eit sterkare fokus på følgjande:

- rådgjeving og rekruttering
- kompetanse og utvikling.

Som ledd i dette arbeidet er tre arbeidsgrupper sett ned for å arbeide med følgjande tema:

- HR-strategi
- Rekrutteringspraksis
- HMT-praksis

Tentativ dato for ny organisering er 1. juli. Ein vil arbeide vidare med utarbeiding av ein HR-strategi fram mot årsskiftet.

Ei prosjektgruppe har vurdert kva som vil vere ei formålstenleg framtidig organisering av arbeidet knytt til politiske utval og sekretariatsfunksjonen for den politiske leiinga i Hordaland fylkeskommune. Grappa tilrår at desse oppgåvene vert samla og reindyrka i eit felles sekretariat. Dette vil auke fagkompetansen, redusere sårbarheita, sikre einsarta arbeidsprosessar og styrkje tilrettelegginga for den politiske verksemda. Basert på innstillinga frå arbeidsgruppa har fylkesrådmannen fatta eit administrativt vedtak om å samle desse oppgåvene i eit felles sekretariat. Det vert arbeidd vidare med å klårgjere kven som skal gå inn i den nye eininga og kva for rolle og oppgåver den einskilde medarbeidar skal ha.

Det nye felles sekretariatet vil bli organisert som ei eiga faggruppe under kommunikasjonsseksjonen. Ein ser at der er fleire tangeringspunkt mellom kommunikasjonsarbeidet og arbeidet som skal utførast i eit sekretariat, derfor ser fylkesrådmannen det som formålstenleg å samle desse ressursane i ein felles seksjon.

Frå 1. juni 2015 blir eigedomsseksjonen skilt ut som eiga eining, og vil rapportere direkte til fylkesrådmannen. Ny eigedomsdirektør tiltrer 1. august 2015.

Med denne organisatoriske endringa styrkar fylkesrådmannen fokuset på dei største økonomiske investeringane til fylkeskommunen. Sjølv om eigedomsseksjonen no blir skilt ut frå økonomiavdelinga vil det fortsatt vere eit nært og naturleg samarbeid mellom eigedomsavdelinga og økonomi- og organisasjonsavdelinga.

Desse organisatoriske grepa vil bidra til redusert sårbarhet i utføring av ulike oppgåver, i tillegg til å bidra til meir effektiv drift. Det er og ei målsetting å oppnå ei større reindyrking av oppgåver.

Stabsavdelingane har som oppgåve å hjelpe, støtte og rådgje leiarane i Hordaland fylkeskommune. Det er viktig at mottakarane av tenestene er nøgde med leveransane, derfor er sentrale tenester hos stabsavdelingane kartlagt nærare i ei omfattande brukarundersøking. Målet er å finne ut i kva grad tenestene vert nytta, og kor nøgde brukarane er med desse. 70 % av leiarane i fylkeskommunen har heilt eller delvis svart på denne. Brukarundersøkinga er avslutta og ein arbeider no med å bearbeide og analysere svara.

I tillegg til brukarundersøkinga som leiarane har svart på, er det og gjennomført ei eiga undersøking for IT-området. I dette arbeidet har ein knytt til seg prosesstøtte frå konsulentselskapet Karabin som bistår i det pågåande arbeidet der ein mellom anna ser på kvalitet på tenestene og it-arkitektur samstundes som det blir gjort ei oppgåvegjennomgang og vurdering av organisering og prosessar. Arbeidet er i rute, og første fase skal vere slutført innan utgangen av juni 2015.

Ei prosjektgruppe har vurdert mulegheitene for etablering av eit større og meir profesjonelt kundemottak/brukartorg i første etasje i fylkesbygget. Grappa leverte sin rapport 1. april. Sidan det parallelt vert arbeidd med ein muleg rehabilitering av fylkesbygget med eit påbygg over lågblokka, som igjen kan medføre flytting av hovudinngangen, har fylkesrådmannen avgjort at det ikkje skal settast i gang ei større ombygging av området kring dagens resepsjon.

Einskilde tiltak som prosjektgruppa peikar på, kan likevel bli gjennomførte. Dette gjeld mellom anna enkle ombyggingar og ei generell opprusting av området kring resepsjonen. Ein vil og sjå nærare på moglegheita til å etablere eit grafisk senter med enkel sjølvbetjening i lokala der trykkeriet no held hus.

Eigedomsavdelinga har fått i oppgåve å sjå nærare på kva for tiltak knytt til ombygging og opprusting av resepsjonen og trykkeriet som kan vere aktuelle.

Samstundes vil ein vurdere ny teknologi knytt til ei meir moderne og profesjonell besøkshandtering, samt oppretthalde merksemda på styrka tilgangskontroll.

OVERSYN OVER SKATTEINNGANG

2015	INNBET 2012	%	INNBET 2013	%	INNBET 2014	%	BUDSJETT 2015	%	INNBET 2015	%	
JANUAR	314 395 595	12,1	337 210 254	12,2	353 366 700	12,3	367 486 400	12,4	362 489 275	12,2	-4 997 125
FEBRUAR	31 070 833	1,2	24 597 719	0,9	28 729 000	1,0	26 672 400	0,9	21 363 785	0,7	-5 308 615
MARS	418 441 666	16,1	453 207 423	16,3	468 282 700	16,3	488 994 000	16,5	490 550 789	16,6	1 556 789
APRIL	26 456 436	1,0	31 167 695	1,1	31 601 900	1,1	29 636 000	1,0	30 947 374	1,0	1 311 374
MAI	491 337 943	19,0	526 702 424	19,0	545 851 000	19,0	563 084 000	19,0	544 536 381	18,4	-18 547 619
JUNI	16 552 712	0,6	12 652 385	0,5	17 237 400	0,6	20 745 200	0,7	30 761 018	1,0	10 015 818
	983 859 590	50,0	1 385 537 900	50,0	1 445 068 700	50,3	1 496 618 000	50,5	1 480 648 622	49,9	-15 969 378
JULI	298 312 443	11,5	323 825 375	11,7	333 256 400	11,6	346 741 200	11,7			
AUGUST	28 970 283	1,1	29 757 971	1,1	28 729 000	1,0	29 636 000	1,0			
SEPTEMBER	435 350 956	16,8	473 207 732	17,1	488 393 000	17,0	509 739 200	17,2			
OKTOBER	17 511 050	0,7	25 510 389	0,9	20 110 300	0,7	23 708 800	0,8			
NOVEMBER	497 141 294	19,2	516 303 602	18,6	534 359 400	18,6	536 411 600	18,1			
DESEMBER	18 814 740	0,7	17 627 023	0,6	22 983 200	0,8	20 745 200	0,7			
	#####	100,0	2 771 769 992	100,0	2 771 769 992	100,0	2 963 600 000	100,0			



Notat

Dato: 12.08.2015
Arkivsak: 2015/898-139
Saksbehandlar: maraskv

Til: Kontrollutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Tilbakemelding vedr. sak PS 112/15 Driftsstønad til fylkesfemnande barne- og ungdomsorganisasjonar

Viser til utdrag frå partsbrev frå møte i kontrollutvalet 17.06 der utvalet ber om at det vert gjort greie for om det er mororganisasjonane eller ungdomsorganisasjonane sine vedtekter som er lagt til grunn for vurdering av tildelingar.

Når organisasjonar søker tilskotsordninga «Driftsstønad til fylkesfemnande barne- og ungdomsorganisasjonar» må ein fylle ut eit elektronisk søknadsskjema og i tillegg leggje ved årsmelding, vedtekter, rekneskap, budsjett, og arbeidsprogram for kommande år. Dei vedtektene som er lagt til grunn for vurdering av tildelingar, er vedtektene som søkjar har sendt inn.

Retningsline punkt 5 i denne tilskotordninga er som følgjer «*Det vert ikkje gjeve stønad til organisasjonar som har diskriminerande innhald i sine vedtekter og aktivitetar*». Gjeldande retningsline skil såleis ikkje mellom mororganisasjonen eller ungdomsorganisasjonen sine vedtekter.

Notat

 Dato: 25.06.2015
 Arkivsak: 2014/862-22
 Saksbehandlar: annsve3

Til: Kontrollutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Forvaltningsrevisjon fagopplæring - løypemelding

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune gjorde i møte 16.02.15 følgjande vedtak:

RS 4/15 Forvaltningsrevisjon fagopplæring – løypemelding

«Kontrollutvalet ser positivt på at dei fleste tiltaka som vart vedteke etter revisjonsrapport innan fagopplæring no er gjennomført. Samstundes er det framleis uklart korleis statusen er på punkt 2 og 9 i vedtaket. Kontrollutvalet ber difor om ny status i form av skriftleg tilbakemelding på desse 2 punkta innan 30.06.2015.»

Status for tiltaka i punkt 2 og 9 i handlingsplanen for oppfølging av revisjonsrapporten innan fagopplæring:

Dette var planlagt i høve til dei to punkta:

	Vedtak frå Fylkestinget	Planlagt framdrift	Tiltak	Konkretisering av tiltak
2	Vurdere å leggje fram lister for yrkesopplæringsnemnda over bedrifter som søker godkjenning	Drøftast med YON innan 06.05.14.	Avklare roller, ansvarsfordeling, saksgang og rutinar	
9	Lage ordningar for jamleg å minne lærlingar om kva rettar dei har og kven dei kan kontakte dersom dei opplever problem i læreforholdet	<ul style="list-style-type: none"> Plan ferdig innan 30.06.14 Iverksetting av tiltak frå 2015 	Samarbeid med opplæringskontora v/AU om informasjonsmøte for nye lærlingar	<ul style="list-style-type: none"> Kartlegging av rutinane til opplæringskontora Lage rutinar for informasjonsarbeidet til opplæringskontora
			Kartlegge om elev- og lærlingombod vil vere ei føremålstenleg ordning	<ul style="list-style-type: none"> Greie ut saka Ombod på plass
			Informasjon til lærlingar om rettar og plikter	<ul style="list-style-type: none"> Årlege informasjonsmøte for alle nye lærlingar utanfor opplæringskontor Andre aktuelle info-kanalar Lage informasjonsmateriell

Punkt 2

Den fullstendige teksten i punkt 2 lydde:

Vurdere å leggje fram lister for Yrkesopplæringsnemnda over bedrifter som søker godkjenning og som innfrir formalkrav, for å få kjennskap til eventuelle risikoforhold medlemmene i yrkesopplæringsnemnda har om søkjarbedriftene.

Etter vurdering av saka vart det avgjort å halde på den eksisterande ordninga med å legge listene over godkjende lærebedrifter fram for Yrkesopplæringsnemnda. Listene vert lagde fram til kvart møte i nemnda, til orientering og for eventuell uttale.

Punkt 9

Samarbeid med opplæringskontora om informasjonsmøte for nye lærlingar

Fagopplæringskontoret har så langt ikkje ferdigstilt arbeidet med å lage ein rutine for opplæringskontora sitt informasjonsarbeid overfor lærlingane. Vi veit at opplæringskontora generelt er flinke å informere på lærlingsamlingane dei har. Det er likevel viktig å forsikre seg om at alle gjer dette, og å kvalitetssikre informasjonen dei gir, slik at denne er heilt i tråd med fagopplæringskontoret sin informasjon.

Det er 42 opplæringskontor med adresse i Hordaland. Fagopplæringskontoret har denne våren hatt møte med rundt 20 av dei største kontora. Informasjon til lærlingane har vore eitt av tema på desse møta, utan at vi har gått i detalj på kva som bør informerast om når det gjeld rettar og plikter.

Arbeidet med eit strukturert samarbeid på dette området blir ferdigstilt 31.12.2015.

Elev-/lærlingombod

17 av 19 fylke i Noreg har elev-/lærlingombod. For fagopplæringskontoret har det vore eit mål å få på plass dette også i Hordaland.

Parallelt med prosessen med oppfølging av tiltak etter forvaltningsrevisjonen for fagopplæring lyste Utdanningsdirektoratet i mars 2014 ut midlar til eit prøveprosjekt med å opprette stilling som mobbeombod. Opplæringsavdelinga søkte om slike midlar, og dette vart innvilga av direktoratet i mai 2014.

Det vart avgjort at det var lite tenleg å ha både mobbeombod og elev-/lærlingombod, og at vi i første omgang ville prøve ut mobbeombod-ordninga. Dette er eit treårig prosjekt som varer fram til 2017. Når mobbeombod-prosjektet nærmar seg slutten vil vi på nytt vurdere elev-/lærlingombod.

Sjå elles sak 2014/16324 i Ephorte.

Informasjon til lærlingar om rettar og plikter

Fagopplæringskontoret har eit ønskje om å arrangere årlege informasjonsmøte for alle nye lærlingar utanfor opplæringskontor. Dette har vist seg å vere for ressurskrevjande for kontoret, og det har ikkje late seg gjere å starte med slike møte. Årleg får 8-900 nye lærlingar kontrakt med sjølvstendige lærebedrifter, og desse er spreidde rundt i fylket. Det er derfor krevjande å få samla dei til informasjonsmøte.

Den 2. februar i år arrangerte vi før første gong ein læreplasskonferanse i samarbeid med Aksjon Lærebedrift i Hordaland (NHO/LO). Over 650 Vg2-elevar møtte, primært for å få informasjon om korleis dei skal søke læreplass, men temaet rettar og plikter var også ein del av konferansen.

Som eit supplement/alternativ til eigne informasjonsmøte for lærlingar har fagopplæringskontoret ønskje om å sjå på moglegheitene for å utvikle eit elektronisk læringsverktøy. Så langt har ein heller ikkje hatt ressursar til å kome i gang med dette.

Fagopplæringskontoret har arbeidd mykje med å forbetre eksisterande informasjonskanalar, og å utvikle nokre nye.

- Heimesidene på www.hordaland.no er forbetra
- Fagopplæringskontoret har eiga facebook-side som er mykje brukt, Lærling i Hordaland
- Informasjonsbrevet som går ut til lærlingen ved godkjenning av lærekontrakt er forbetra
- Det vart i vinter laga nye informasjonsbrosjyrar til Vg2-elevar med informasjon om fag- og yrkesopplæring. Desse vart sende til alle Vg2-elevar.
- Fagopplæringskontoret har i vinter deltatt på rundt 15 foreldremøte for 10.trinn
- Fagopplæringskontoret har hatt informasjonsmøte i enkelte Vg2-klassar
- Kontoret har også deltatt på eit par yrkesmesser

PS 70/15 Eventuelt